



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Søkjarhandbok Skuleåret 2017-2018



Nytt frå i år - sjå side 2-3

Versjon 2, januar 2017

Nytt frå 2017-18

Søkje skuleplass i andre fylke (friare skuleval)

Stortinget har vedteke at fylkeskommunane, frå skuleåret 2017-2018, har plikt til å handsame søkjarar frå andre fylke, ved ledig kapasitet.

Lovendringa betyr at når du søker om skuleplass på eit bestemt utdanningsprogram/ programområde i eit anna fylke, har denne fylkeskommunen no plikt til å vurdere om det er ledig plass.

Alle fylka kjem likevel til å gje tilbod til søkjarar frå eige fylke, før dei vil opne opp for inntak av søkjarar frå andre fylke. Det betyr at du kan få skuletilbod i eit anna fylke, men berre dersom det er ledig plass.

Retten til vidaregåande opplæring gjeld berre i heimfylket ditt, og det er difor svært viktig at du også søker skuleplass her i Sogn og Fjordane. Retten til skuleplass er avhengig av at du har søkt.

Dersom du meiner du har særlege sosiale eller medisinske behov for skulegang i eit anna fylke, kan du søkje det fylket om å bli **prioritert gjesteelev**. Søknad om å bli prioritert gjesteelev skal du sende til vertsfylke, og dei avgjer søknaden. Du skal ikkje sende søknad om gjesteelevgaranti til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Sjå punkt 2.22.1

Påbygging til generell studiekompetanse etter bestått fag og yrkeskompetanse

Tilbodet om påbygging til generell studiekompetanse for deg som har bestått fag eller sveineprøve etter 1.1.2014, eller har teke tre år yrkeskompetanse i skule, vert for skuleåret 2017-18 ved Årdal vidaregåande skule. Det vert ikkje tilbod ved Mo og Øyrane vidaregåande skule, slik det har vore i 2016-17.

Sjå punkt 1.7

International Baccalaureate (IB) tilbod i Sogn og Fjordane

Også for skuleåret 2017-18 vil det vere høve til å søkje vg2 IB i fylket. Tilbodet er ved UWC i Flekke, med to plassar. Nytt i år er at du ikkje skal søkje via Dale vidaregåande skule. Du vil finne tilbod om IB under «kjøpte plassar».

Sjå punkt 1.10

Landslinje skiskyting ved Stryn vidaregåande skule

Frå skuleåret 2017-18 er det oppretta landslinje i skiskyting ved Stryn vidaregåande skule. Tilbodet er knytt til vg1 studiespesialisering, og det er 10 plassar. Landslinje betyr at søkjarar frå heile landet konkurrerer på lik linje om plassane, det vil seie at søkjarar frå Sogn og Fjordane ikkje vert tekne inn før søkjarar frå andre fylke.

Dersom du ønskjer å søkje dette landslinetilbodet finn du det under vg1 studiespesialisering på vigo.no. Du må også sende tilleggsskjema direkte til Stryn vidaregåande skule.

Sjå punkt 1.9

Søknad om å delta i ordningane for potensielle toppidrettsutøvarar

Dersom du søker om å få delta i ei av ordningane for potensielle toppidrettsutøvarar må du føre det opp som første ønske på søknaden din.

Sjå punkt 2.9

Utvida rett ved omval

Dersom du finn ut at du heller vil søkje eit anna utdanningsprogram enn det du har byrja på, får du no utvida retten slik at du kan fullføre opplæringa i det nye utdanningsprogrammet. Det gjeld også om du gjer omval til vg1 i nytt utdanningsprogram etter å ha fullført vg2. Du har berre rett til eitt omval med ungdomsrett.

Sjå punkt 2.14

Søknad om tilpassa opplæring

Om du søker inntak med søknadsfrist 1. februar skal du bruke vedleggsskjema til søknad om vidaregåande opplæring. Dette gjeld også om du kan ha behov for spesialundervisning, og søker til det ordinære inntaket med frist 1. mars.

Vedleggsskjema 1, 2, 3 og vedleggsskjema for minoritetsspråklege er ikkje lenger i bruk.

Dersom du kan ha behov for spesialundervisning får du ikkje dette avgjort før etter skulestart. Skulen skal først vurdere om du kan ha tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa. Du får spesialundervisning frå skulestart dersom du vert teken inn med fortrinnsrett eller etter individuell handsaming etter forskrift til opplæringslova.

Sjå del 4

Kontaktinformasjon

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Opplæringsavdelinga, Inntak og dokumentasjon
Askedalen 2
6863 Leikanger

E-post: post@sfj.no

Tlf. 57 63 81 00 mellom kl. 12.00-14.00

www.sfj.no

Del 1 Velkommen som søkjar til vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane	6
1.1 Inntakskalenderen	7
1.2 Formidlingskalenderen	8
1.3 Tilbod til søkjarar med kort butid i Norge	9
1.4 Utdanningstilbod på vg1	10
1.5 Utdanningstilbod på vg2	11
1.6 Utdanningstilbod på vg3	14
1.7 Søking til påbygging til generell studiekompetanse etter bestått fag og yrkesopplæring	16
1.8 Søking til skular i Hordaland gjennom Hordalandsavtalen	16
1.9 Søking til landslinjer og landsdekkjande tilbod	16
1.10 International Baccalaureate (IB)	16
1.11 Vekslingsmodellen	17
1.12 Oversikt over vidaregåande skular i Sogn og Fjordane	17
Del 2 Informasjon om søknad til vidaregåande skular	18
2.1 Korleis registrerer eg søknaden min på vigo.no	18
2.2 Elektronisk ID	18
2.2.1 Registrer søknaden din på vigo.no	18
2.2.2 Korleis endre opplysningar om deg på vigo.no	18
2.2.3 Har du gløymt passordet?	19
2.2.4 Har du ikkje PIN-kodebrev?	19
2.2.5 Har du ikkje mobiltelefon?	19
2.2.6 Treng du meir hjelp?	19
2.3 Kva er vilkåra for å bli teken inn til vidaregåande skule	20
2.3.1 Grunnkompetanse som mogeleg veg	20
2.4 Vilkår for inntak til vg1, inntak til vidaregåande opplæring er regulert i forsk. til oppl.lov	20
2.4.1 Utrekning av poeng ved søknad til vg1	20
2.5 Vilkår for inntak til vg2 og vg3	21
2.5.1 Utrekning av poeng ved søknad til vg2	21
2.5.2 Utrekning av poengsum ved søknad til vg3	21
2.6 Korleis kan eg kvalifisere meg til neste nivå i vidareg. oppl. utan å ha bestått tidl. nivå?	22
2.7 Tildeling av plass ved same poengsum	22
2.8 Tilleggs-poeng for dugleik ved inntak til vg1 musikk, dans og drama - musikk	22
2.9 Ordningar for potensielle toppidrettsutøvarar	22
2.9.1 Spissa idrettstilbod i vidaregåande skule for potensielle toppidrettsutøvarar	22
2.9.2 Potensielle toppidrettsutøvarar	23
2.10 YSK- 4-årig yrkes- og studiekompetanse	23
2.11 Søking til vg1 - Prioritering av utdanningsprogram/programområde- og skuleønske	24
2.11.1 Reglar for søking på vg1-tilbod innan YSK- 4-årig yrkes- og studiekompetanse	24
2.11.2 Reglar for søking til vg1-tilbod innan musikk, dans og drama	24
2.11.3 Reglar for søking til vgi naurbruk	25
2.12 Inntakskrav til dei ulike programområda på vg2	25
2.13 Kan eg søkje kva skule eg vil i Sogn og Fjordane?	25
2.14 Kan eg gjere omval?	25
2.15 Kan eg få plass ved ein annan skule enn eg har søkt?	26
2.16 Kan eg endre søknaden min?	26
2.16.1 Før søknadsfristen er ute?	26
2.16.2 Etter at søknadsfristen er ute?	26
2.17 Kan eg søkje vidaregåande opplæring i eit anna fylke enn Sogn og Fjordane?	26
2.18 Kan eg få opplæringsrett i Sogn og Fjordane når ein av foreldra mine bur i dette fylket?	26

2.19 Rettar til vidaregåande opplæring	27
2.19.1 Ungdomsrett	27
2.19.2 Fullføringsrett	27
2.19.3 Vaksenrett	27
2.19.4 Ikkje rett	27
2.20 Eg er ikkje registrert i folkeregisteret i Sogn og Fjordane pr. 1. mars	28
2.21 Må eg ettersende vitnemål/kompetansebevis?	28
2.22 Skuleplassar i andre fylke	29
2.22.1 Søkje skuleplass i andre fylke (friare skuleval	29
2.22.2 Kjøp av skuleplass til tilbod vi har i Sogn og Fjordane	29
2.22.3 Kjøp av skuleplass til tilbod vi ikkje har i Sogn og Fjordane	29
2.23 Individuell behandling av søknaden	29
Del 3 Stipend, skyss og PC	31
3.1 Får eg stipend når eg er elev i vidaregåande skule?	31
3.2 Må eg betale reiseutgifter mellom heim og skule sjølv?	31
3.3 Elev-PC i offentleg vidaregåande skule	31
Del 4 Tilpassa opplæring	33
4.1 Pedagogisk-psykologisk teneste (PP-tenesta)	33
4.2 Spesialundervisning	33
4.3 Fortrinnsrett til vidaregåande opplæring	33
4.4 Individuell behandling av søknaden	34
Del 5 Søkjarar frå andre land	35
5.1 Må eg ha opphaldsløyve for å søkje vidaregåande opplæring?	35
5.2 Kven kan søkje vidaregåande opplæring?	35
5.3 Når har eg rett til ekstra språkopplæring?	35
5.4 Kva gjer eg dersom eg ikkje har fullført grunnskulen?	35
5.5 Kva tilbod kan eg søkje?	35
5.6 Korleis søker eg?	36
5.7 Kva må eg leggje ved søknaden?	36
5.8 Når får eg svar på søknaden?	36
5.9 Ynskjer du meir informasjon?	36
Del 6 Søknad om opplæring i bedrift	37
6.1 Korleis søker eg?	37
6.2 Bør eg søkje læreplass på eiga hand sjølv om eg har sendt søknad gjennom vigo.no?	37
6.3 Eg har førehandsavtale om læreplass. Skal eg likevel søke?	37
6.4 Kven kan søkje læreplass gjennom Sogn og Fjordane fylkeskommune?	37
6.5 Eg har søkt læreplass, men har enno ikkje høyrte noko?	37
6.6 Korleis aukar eg mogelegheitene mine for å få læreplass?	37
6.7 Korleis får eg tilbod om læreplass?	38
6.8 Kva legg bedriftene vekt på ved tilsetjing?	38
6.9 Eg har stryk i nokre fag. kan eg likevel bli lærling?	38
6.10 Har eg rett til å få læreplass?	38
6.11 Kva skjer om eg takkar NEI til tilbod om læreplass?	38
6.12 Kor finn eg meir informasjon om opplæring i bedrift og oversikt over lærebedrifter?	38
6.13 Har eg rett til påbygging til generell studiekompetanse etter bestått fag- og yrkesopplæring?	38
6.14 Her er oversikt over alle lærefaga	39
Del 7 Oppfølgingstenesta (OT)	42

Del 1

Velkomen som søkjar til vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane

Her finn du informasjon om korleis du søker vidaregåande opplæring i skule og bedrift i Sogn og Fjordane.

[Vigo.no](http://vigo.no) opnar for søknadsregistrering i løpet av veke 1 i 2017.

I Sogn og Fjordane kan du velje mellom 11 offentlege skular. Skulane våre tilbyr eit breitt tilbod av programområda som finst innanfor vidaregåande opplæring, og desse fører fram til mange fag og yrke.

Omtale av dei ulike utdanningsprogramma finn du på vilbli.no. Her finn du også lenkje til vigo.no som er den sida du skal registrere søknaden din på.

Det kan vere vanskeleg å velje utdanningsveg. Eit råd vi kan gje er at du går gjennom dei utdanningsprogramma som finst, prøver å prioritere mellom desse og stryk ut dei som du heilt sikkert ikkje vil velje.

Merk at søkjarar til vg1 må føre opp tre aktuelle utdanningsprogram. Innanfor kvart utdanningsprogram kan det prioriterast inntil tre skular. Opplæringslova gjev søkjarar med ungdomsrett rett til å få skuleplass på eitt av tre valde utdanningsprogram. Retten er ikkje er knytt til ein bestemt skule. Dersom du ikkje set opp tre utdanningsprogram på søknaden din kan fylkeskommunen gje deg tilbod i eit utdanningsprogram du ikkje har søkt. Søkjarar med ungdomsrett har etter søknad rett til 3 års heiltids opplæring i løpet av 5 år.

Vidaregåande opplæring fører fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse. Studiekompetanse gjev høve til å søkje dei fleste fag ved høgskule og universitet. Yrkeskompetanse vil seie at du utdannar deg til å utøve eit yrke, dei fleste utdanningane vert avslutta med eit fag- eller sveinebrev. Grunnkompetanse er kompetanse på eit lågare nivå enn full yrkes- eller studiekompetanse. Grunnkompetanse kan være planlagt eller ikkje planlagt.

Ta kontakt med oss dersom du lurer på noko.

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Opplæringsavdelinga, Inntak og dokumentasjon
Askedalen 2
6863 Leikanger

E-post: post@sfj.no
Tlf. 57 63 81 00 mellom kl. 12.00-14.00

Lukke til med søking til vidaregåande opplæring.

1.1 Inntakskalenderen

Med unntak av søknadsfristane og skulestart blir det teke eit generelt atterhald om datoane nedanfor.

Søknaden skal registrerast på vigo.no. Dersom du ikkje kan søkje på vigo.no [må du bruke papirskjema](#). Søkjarar til eksamensretta grunnskuleibod (EGF) og innføringsgrupper for minoritetsspråklege skal berre søkje på papir.

Du skal ikkje sende søknad både på internett og papir. Dersom du likevel gjer dette, vil papirsøknaden bli forkasta utan nærare varsel.




Søknadsfrist er 1. februar:

- a) har enkeltvedtak om spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1, og som søker om fortrinnsrett ved inntak etter § 6-15 til § 6-19 og § 6-30 til § 6-32, eller om individuell behandling etter § 6-22 og § 6-35
- b) har enkeltvedtak om særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2-8 eller § 3-12
- c) er nyleg komne til Noreg
- d) har rett til teiknspråkopplæring etter opplæringslova § 3-9
- e) søker om individuell behandling etter § 6-25 og § 6-38.



Søknadsfrist er 1. mars kl. 23.50:

Fristen for søknad for andre med rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1 er 1. mars.



Dersom du ikkje kan svare elektronisk på plass etter 1. og 2. inntak kan du førehandssvare ja til det du får tilbud om. Sjølv om du har førehandssvart ja før inntaksresultatet, kan du gå inn på vigo.no og endre svaret ditt fram til svarfristen er ute.



Vi rår til at du nyttar førehandssvar.



Medio april

Søkjarar med fortrinnsrett får melding om inntak.

Søkjarar som får innvilga reservert plass etter individuell handsaming får melding om tildelt skuleplass. Søkjarane må takke ja til plassen på vigo.no innan svarfristen 13. juli.



1. inntak er 5. juli

Du må gå på vigo.no for å sjå resultatet av inntaket. Påminning om at inntaket er klart blir sendt på sms. Dersom du har førehandssvart treng du ikkje gjere noko, men du kan gå inn og endre svaret.

Dersom du av ein eller annan grunn ikkje mottar sms, t.d. om du er på ferie i utlandet, kan du sjølvstøtt sjå inntaksresultatet på vigo.no om du har kodar/passord frå MinId. Pålogging til vigo.no skjer på same måte som ved søking.

Søkjarar som ikkje har opplyst om mobilnummer får melding om inntaksresultatet i posten. Merk at du ikkje kan sjå endringar på ventelistene før 2. inntaket er ferdig 28. juli.



Svarfrist 1. inntak er 13. juli

Dersom du ikkje har førehandssvart ja og ikkje svarar ja til plass innan svarfristen, misser du plassen.

.....



2. inntak er 28. juli

.....



Svarfrist 2. inntak er 4. august

.....



Skulane overtek inntaket 14. august

Til ledige plassar etter 2. inntaket skal skulane først ta inn søkjarar med ungdomsrett som ikkje har fått tilbod. Når desse har fått tilbod kan skulane ta inn søkjarar utan ungdomsrett. Skulane skal følge ventelistene.

.....



Skulestart for elevane 21. august

.....



Sluttar du i vidaregåande skule 1. november eller seinare har du brukt eitt år av opplæringsretten din.

Nærare informasjon får du ved å [kontakte opplæringsavdelinga](#) eller på [vilbli.no](#).

1.2 Formidlingskalenderen

Med unntak av søknadsfristane blir det teke generelt atterhald om datoane nedanfor.

Arbeidet med å formidle til opplæring i bedrift føregår frå 3. mars til 1. september.



Søknadsfrist:

- Siste frist for registrering på vigo.no er 1. mars kl. 23.50.
 - Søknad på papir må vere poststempla seinast 1. mars.
-



Opplæringskontor/lærebedrifter som ønskjer å tilsetje lærlingar/lærekandidatar får tilgang til søknadene. Opplæringskontora/lærebedriftene melder frå til fylkeskommunen om kven dei teiknar lærekontrakt/opplæringskontrakt med. Dei melder og frå om kven som ikkje møter til intervju eller takkar nei til læreplass. Desse søkjarane blir det ikkje arbeidd aktivt vidare med for å formidle til lærekontrakt/opplæringskontrakt.



Alle søkjarar vil sjå på vigo.no kvar gong fylkeskommunen sender søknaden til ny bedrift. Vi oppmodar og søkjarane til å sende ein personleg søknad direkte til aktuelle opplæringskontor/lærebedrifter. Når du har fått avtale om læreplass, må du melde frå om dette til fylkeskommunen, slik at lærekontrakt/opplæringskontrakt blir oppretta.



Alle søkjarar skal melde frå til fylkeskommunen om dei har fått læreplass, eller om dei har andre planar for hausten.

Søkjarar med ungdomsrett har rett til læreplass eller sluttopplæring i skule slik at dei kan gå opp til fagprøve, (vg3 fagopplæring i skule). Dersom du innan 1. september ikkje har fått tilbud om læreplass, skal fylkeskommunen tilby deg vg3 fagopplæring i skule.

1.3 Tilbod til søkjarar med kort butid i Norge

Om du har norsknivå under B1-nivå (i det felles europeiske rammeverket for språk) vil du truleg få vanskar med å fullføre ordinær vidaregåande opplæring.

For deg som søkjar vil det då vere to alternative tilbod slik at du kan bli klar for vidaregåande opplæring:

1. Eksamensretta grunnskuletilbod (EGF) gir deg eksamenskarakterar i grunnskulefaga, og karakterane du får her vil vere grunnlaget for å konkurrere deg inn til vidaregåande opplæring. Deltaking i EGF føreset at kommunen din har avtale med fylkeskommunen om EGF tilbod. Ta kontakt med kommunen din for å avklare dette. EGF-gruppene får opplæringa si på ein vidaregåande skule.

- Søkjarar til eksamensretta grunnskuletilbod (EGF) skal berre søkje på papirskjema. (Kurskode: EGF og Kursnamn: Grunnskule, feltet for Skule skal stå tomt).
- Frist for å søkje er 1. mars.

2. Innføringstilbod for minoritetsspråklege er eit førebuande år der målet er at du skal lære tilstrekkeleg norsk slik at du kan følgje ordinær opplæring i vidaregåande opplæring seinare. Innføringstilbodet gir deg ikkje karakterar som grunnlag for å konkurrere deg inn i vidaregåande opplæring. Kor det ev vert sett i gang innføringsgruppe vert ikkje avklara før etter 1. mars.

- Søkjarar til innføringstilbod skal berre søkje på papirskjema og i tillegg nytte vedleggskjema til søknad om vidaregåande opplæring. (Kurskode: AOLOVOJ--- og Kursnamn: Innføringstilbod, feltet for Skule skal stå tomt).
- Frist for å søkje er 1. mars.

Felles for begge tilboda:

Du må vere i aldersgruppa 16-20 år slik at du rekk å fullføre opplæringsløpet i vidaregåande opplæring innan det året du fyller 24 år.

For søking til desse tilboda ta kontakt med Yrla Klein på e-post yrkla.klein@sfj.no etter 01.01.2017

1.4 Utdanningstilbud på vg1

Vg1

Vidaregåande trinn 1

Kode	Utdanningsprogram	Dale vidaregåande skule	Eid vidaregåande skule	Firda vidaregåande skule	Flora vidaregåande skule	Hafstad vidaregåande skule	Høyanger vidaregåande skule	Mo og Øyane vidaregåande skule	Måløy vidaregåande skule	Sogndal vidaregåande skule	Stryn vidaregåande skule	Årdal vidaregåande skule	Sygna vidaregåande skule	Andre fylke, kjøp av plass
ID	IDRETTSFAG													
IDRET1----	Idrettsfag			X	X					X			X	
KD	KUNST, DESIGN OG ARKITEKUR													
KDKDA1----	Kunst, design og arkitektur					X							X	
MD	MUSIKK, DANS, DRAMA													
MDMDD1--1-	Musikk			X										
MDMDD1--4-	Dans			X										
MDMDD1--6-	Drama			X										
ME	MEDIUM OG KOMMUNIKASJON													
MEMOK1----	Medium og kommunikasjon					X				X				
ST	STUDIESPESIALISERING													
STUSP1----	Studiespesialisering	X	X	X	X	X	X		X	X	X	X	X	
STUSP1L-SS	Studiespesialisering med skiskyting										X			LL
BA	BYGG- OG ANLEGGSTEKNIKK													
BABAT1----	Bygg- og anleggsteknikk				X			X	X	X	X			
DH	DESIGN OG HANDVERK													
DHDHV1----	Design og handverk		X											
DHMED1----	Medieproduksjon													X
EL	ELEKTROFAG													
ELELE1----	Elektrofag		X		X		X	X		X		X		
HS	HELSE- OG OPPVEKSTFAG													
HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	X			X			X	X	X	X		X	
HSHSF1P---	Helse- og oppvekstfag, YSK 4-årig								X					
NA	NATURBRUK													
NANAB1----	Naturbruk							X	X					
NANAB1--3-	Naturbruk m/vekt på hest							X						
NANAB1P-M-	Naturbruk marine fag, YSK 4-årig								X					
RM	RESTAURANT- OG MATFAG													
RMRMF1----	Restaurant- og matfag							X	X	X				
SS	SERVICE OG SAMFERDSEL													
SSSSA1----	Service og samferdsel				X					X	X	X		
SSSSA1P---	Service og samferdsel, YSK 4-årig							X						
TP	TEKNIKK OG INDUSTRIELL PRODUKSJON													
TPTIP1----	Teknikk og industriell produksjon	X	X		X		X	X	X	X		X		
TPTIP1P---	Teknikk og industriell produksjon, YSK 4-årig								X					

Raud farge

Kjøpte plassar. Du skal søkje til Sogn og Fjordane på www.vigo.no

Blå farge

Landslinjer, landsdekkande linjer. Søkjarar frå alle fylke stiller likt.

Du skal søkje på Sogn og Fjordane sitt søknadskjema på www.vigo.no

1.5 Utdanningstilbud på vg2

Vg2

Vidaregåande trinn 2

Kode	Utdanningsprogram og programområde	Dale vidaregåande skule	Eid vidaregåande skule	Firda vidaregåande skule	Flora vidaregåande skule	Hafstad vidaregåande skule	Høyanger vidaregåande skule	Mo og Øyane vidaregåande skule	Måløy vidaregåande skule	Sogn jord- og hagebruksskule	Sogndal vidaregåande skule	Stryn vidaregåande skule	Årdal vidaregåande skule	Sygna vidaregåande skule	Andre fylke, kjøp av plass
ID	IDRETTSFAG														
IDIDR2----	Idrettsfag			X	X						X			X	
IDIDR2L-B-	Idrettsfag - alpint														LL
IDIDR2L-M-	Idrettsfag - langrenn														LL
IDIDR2L-N-	Idrettsfag - kombinert														LL
IDIDR2L-O-	Idrettsfag - hopp														LL
IDIDR2L-SS	Idrettsfag - skiskyting														LL
KD	KUNST, DESIGN OG ARKITEKTUR														
KDKDA2----	Kunst, design og arkitektur					X								X	
MD	MUSIKK, DANS, DRAMA														
MDDAN2----	Dans			X											
MDDAN2M-5-	Dans - ballett														LD
MDDRA2----	Drama			X											
MDMUS2----	Musikk			X											
MDMUS2L-2-	Musikk - folkemusikk														LL
ME	MEDIUM OG KOMMUNIKASJON														
MEMOK2----	Medium og kommunikasjon					X					X				
ST	STUDIESPESIALISERING														
STREA2----	Studiespesialisering realfag	X	X	X	X	X	X		X		X	X	X	X	
STREA2L-S-	Realfag - alpin/langrenn														LL
STSSA2L-S-	Språk, samfunn og økonomi - alpin/langrenn														LL
STREA2L-SL	Realfag - langrenn/skiskyting														LL
STSSA2L-SL	Språk, samfunn og økonomi - langrenn/skiskyting														LL
STREA2L-X-	Realfag med natur og miljø														LL
STSSA2----	Studiespesialisering språk, samf.fag og økonomi	X	X	X	X	X	X		X		X	X	X	X	
STUSP2Z---	Internasjonal Baccalaureate														X
BA	BYGG- OG ANLEGGSTEKNIKK														
BAANL2----	Anleggsteknikk							X			X				
BAANL2L---	Anleggsteknikk														LL

Raud farge
Blå farge

Kjøpte plassar. Du skal søkje til Sogn og Fjordane på www.vigo.no
Landslinjer, landsdekkande linjer. Søkjarar frå alle fylke stiller likt.
Du skal søkje på Sogn og Fjordane sitt søknadskjema på www.vigo.no

1.5 Utdanningstilbud på vg2

Vg2

Vidaregåande trinn 2

Kode	Utdanningsprogram og programområde	Dale vidaregåande skule	Eid vidaregåande skule	Firda vidaregåande skule	Flora vidaregåande skule	Hafstad vidaregåande skule	Høyanger vidaregåande skule	Mo og Øyrane vidaregåande skule	Måløy vidaregåande skule	Sogn jord- og hagebruksskule	Sogndal vidaregåande skule	Stryn vidaregåande skule	Årdal vidaregåande skule	Sygna vidaregåande skule	Andre fylke, kjøp av plass
BABYG2----	Byggteknikk				X			X	X		X	X			
BAKEM2----	Klima, energi og miljøteknikk				X						X				
BAOFT2----	Overflateteknikk														X
BATRT2----	Treteknikk														X
DH	DESIGN OG HANDVERK														
DHAKT2----	Aktivitør														X
DHBLD2----	Blomsterdekoratør														X
DHBMF2M---	Børsemakar														LD
DHDDU2M---	Design og duodji														LD
DHDGH2M---	Design og gullsmedhandverk														X
DHDTR2----	Design og trearbeid														X
DHDTE2----	Design og tekstil														X
DHFRI2----	Frisør						X								
DHIUD2----	Interiør og utstillingsdesign		X												
DHSME2----	Smed														LL
DHUIM2L---	Ur- og instrumentmakar														LL
EL	ELEKTROFAG														
ELAUT2----	Automatisering		X										X		
ELDEL2----	Data og elektronikk		X					X			X				
ELELE2----	Elenergi		X		X		X	X			X				
ELFLY2L---	Flyfag														LL
ELKVT2----	Kulde- og varmepumpeteknikk														X
HS	HELSE- OG OPPVEKSTFAG														
HSAMB2----	Ambulansefag							X							
HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeidarfag				X			X	X		X			X	
HSFOT2----	Fotterapi og ortopediteknikk														X
HSHEA2----	Helsearbeidarfag	X			X			X			X	X			
HSHEA2P---	Helsearbeidarfag, YSK 4-årig								X						
HSHEA2----	Helseservicefag							X							
HSHUD2----	Hudpleie														X

Raud farge Kjøpte plassar. Du skal søkje til Sogn og Fjordane på www.vigo.no
Blå farge Landslinjer, landsdekkande linjer. Søkjarar frå alle fylke stiller likt.
 Du skal søkje på Sogn og Fjordane sitt søknadskjema på www.vigo.no

1.5 Utdanningstilbud på vg2

Vg2

Vidaregåande trinn 2

Kode	Utdanningsprogram og programområde	Dale vidaregåande skule	Eid vidaregåande skule	Firda vidaregåande skule	Flora vidaregåande skule	Hafstad vidaregåande skule	Høyanger vidaregåande skule	Mo og Øyrane vidaregåande skule	Måløy vidaregåande skule	Sogn jord- og hagebrukskule	Sogndal vidaregåande skule	Stryn vidaregåande skule	Årdal vidaregåande skule	Sygna vidaregåande skule	Andre fylke, kjøp av plass
NA	NATURBRUK														
NAAKV2----	Akvakultur								X						
NAAKV2P---	Akvakultur, YSK 4-årig								X						
NAAID2----	Anleggsgartner og idrettsanleggsgfag														X
NAFFA2----	Fiske og fangst								X						
NAHHO2----	Heste- og hovslagarfag							X							
NALGA2----	Landbruk og gartnarnæring							X							
NALGA2L-OK	Landbruk og gartnarnæring, økologisk									X					LL
NALGA2L-SF	Landbruk og gartnarnæring, sportsfiske														LL
NAREI2M---	Reindrift														LD
NASBR2----	Skogbruk														X
RM	RESTAURANT- OG MATFAG														
RMMFG2----	Matfag														X
RMKOS2----	Kokk- og servitørfag							X	X		X				
SS	SERVICE OG SAMFERDSEL														
SSISF2----	IKT-servicefag				X										
SSRLV2----	Reiseliv											X			
SSSSS2----	Sal, service og tryggleik				X						X	X	X		
SSSSS2P---	Sal, service og tryggleik, YSK 4-årig							X							
SSTR2----	Transport og logistikk							X			X	X			
TP	TEKNIKK OG INDUSTRIELL PRODUKSJON														
TPAMK2----	Arbeidsmaskiner														X
TPBLK2----	Bilskade, lakk og karosseri							X							
TPBRT2----	Brønnteknikk														X
TPIMS2M---	Industriell møbelproduksjon		X												LD
TPIND2----	Industrietekstil og design														X
TPKJP2----	Kjemiprosess												X		
TPKJT2----	Køyretøy							X	X		X				
TPLAB2----	Laboratoriefag														X
TPMAR2----	Maritime fag								X						
TPPIN2----	Industrieteknologi	X	X		X		X	X					X		
TPPIN2P---	Industrieteknologi, YSK 4-årig								X						

Raud farge Kjøpte plassar. Du skal søkje til Sogn og Fjordane på www.vigo.no
Blå farge Landslinjer, landsdekkande linjer. Søkjarar frå alle fylke stiller likt.
 Du skal søkje på Sogn og Fjordane sitt søknadskjema på www.vigo.no

1.6 Utdanningstilbud på vg3

Vg3

Vidaregåande trinn 3

Kode	Utdanningsprogram og programområde	Dale vidaregåande skule	Eid vidaregåande skule	Firda vidaregåande skule	Flora vidaregåande skule	Hafstad vidaregåande skule	Høyanger vidaregåande skule	Mo og Øyrane vidaregåande skule	Måløy vidaregåande skule	Sogn jord- og hagebrukskule	Sogndal vidaregåande skule	Stryn vidaregåande skule	Årdal vidaregåande skule	Sygna vidaregåande skule	Andre fylke, kjøp av plass
ID	IDRETTSFAG														
IDIDR3----	Idrettsfag			X	X						X			X	
IDIDR3L-B-	Idrettsfag - alpint														LL
IDIDR3L-M-	Idrettsfag - langrenn														LL
IDIDR3L-N-	Idrettsfag - kombinert														LL
IDIDR3L-O-	Idrettsfag - hopp														LL
IDIDR3L-SS	Idrettsfag - skiskyting														LL
MD	MUSIKK, DANS, DRAMA														
MDDAN3----	Dans			X											
MDDAN3M-5-	Dans - ballett														LD
MDDRA3----	Drama			X											
MDMUS3----	Musikk			X											
MDMUS3L-2-	Musikk - folkemusikk														LL
ST	STUDIESPESIALISERING														
STFOR3----	Formgjevingsfag					X								X	
STREA3----	Studiespesialisering realfag	X	X	X	X	X	X		X		X	X	X	X	
STREA3L-S-	Realfag - alpin/langrenn														LL
STREA3L-X-	Realfag med natur og miljø														LL
STSSA3L-S-	Språk, samfunn og økonomi - alpin/langrenn														LL
STREA3L-SL	Realfag - langrenn/skiskyting														LL
STSSA3L-SL	Språk, samfunn og økonomi - langrenn/skiskyting														LL
STSSA3----	Studiespesialisering språk, samf.fag og økonomi	X	X	X	X	X	X		X		X	X	X	X	
STUSP3Z---	Internasjonal Baccalaureate	X													
PBPBY3----	Påbygging til generell studiekompetanse	X	X		X	X							X	X	
PBPBY4YK--	Påbygging til generell studiekompetanse etter fag- og yrkeskompetanse Sjå punkt 1.7 side 16												X		
PBPBY4P1--	Påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse, YSK								X						

Raud farge Kjøpte plassar. Du skal søkje til Sogn og Fjordane på www.vigo.no
Blå farge Landslinjer, landsdekkande linjer. Søkjarar frå alle fylke stiller likt.
 Du skal søkje på Sogn og Fjordane sitt søknadskjema på www.vigo.no

1.6 Utdanningstilbud på vg3

Vg3

Vidaregåande trinn 3

Kode	Utdanningsprogram og programområde	Dale vidaregåande skule	Eid vidaregåande skule	Firda vidaregåande skule	Flora vidaregåande skule	Hafstad vidaregåande skule	Høyanger vidaregåande skule	Mo og Øyrane vidaregåande skule	Måløy vidaregåande skule	Sogn jord- og hagebruksskule	Sogndal vidaregåande skule	Stryn vidaregåande skule	Årdal vidaregåande skule	Sygna vidaregåande skule	Andre fylke, kjøp av plass
PBPBY4P2--	Påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse, YSK								X						
DH	DESIGN OG HANDVERK														
DHINT3----	Interiør														X
DHPST3----	Pianostemming og -teknikk														X
DHUTS3----	Utstillingsdesign														X
EL	ELEKTROFAG														
ELAUT3----	Automatiseringsfaget		X										X		
ELAVI3L---	Avionikarfaget														LL
ELDAT3----	Dataelektronikarfaget		X								X				
ELFLY3L---	Flytekniske fag														LL
ELROM3L---	Romteknologi														LL
HS	HELSE- OG OPPVEKSTFAG														
HSAP03----	Apotekteknikk														X
HSFOT3----	Fotterapi														X
HSHSE3----	Helsesekretær														X
HSHUD3----	Hudpleiar														X
HSTAN3----	Tannhelsesekretær														X
MK	MEDIUM OG KOMMUNIKASJON														
MKMDE3----	Mediedesign														X
MKMED3----	Medium og kommunikasjon, studieførebuande										X				
NA	NATURBRUK														
NAGAN3----	Gartnarnæring														X
NALBR3----	Landbruk							X							
NALBR3L-OK	Landbruk, økologisk									X					LL
NANAB3----	Naturbruk, studieførebuande							X							
NANAB3L-SF	Naturbruk, Sportsfiske som næring og hobby														LL
TP	TEKNIKK OG INDUSTRIELL PRODUKSJON														
TPAMM3L---	Anleggsmaskinmekanikarfaget														LL

Raud farge Kjøpte plassar. Du skal søkje til Sogn og Fjordane på www.vigo.no
Blå farge Landslinjer, landsdekkande linjer. Søkjarar frå alle fylke stiller likt.
 Du skal søkje på Sogn og Fjordane sitt søknadskjema på www.vigo.no

1.7 Søking til påbygging til generell studiekompetanse etter bestått fag og yrkesopplæring

Dersom du har bestått fag/sveinebrev eller yrkesopplæring i skule har du rett til tilbod om påbygging til generell studiekompetanse. Dette tilbodet er frå hausten 2017 ved Årdal vidaregåande skule, kode PBPBY4YK--. Påbyggingstilbodet er 23 t/v og undervisninga vil vere over 4 dagar i veka. Alle som søker påbygging til generell studiekompetanse på grunnlag av bestått fag- og yrkesopplæring skal søkje til dette tilbodet som **første ynskje**.

Dersom du skal gjennomføre fag/sveineprøven i tida mellom 1. mars og 1. juli må du hake av for det i feltet «Tilleggsopplysningar» i Vigo. I tillegg må du kontakte opplæringsavdelinga når du har avlagt prøven.

Dersom du søker vg3 påbygging til generell studiekompetanse etter vg2 har du ikkje rett på eit tilbod, men konkurrerer på grunnlag av karakterane frå vg2.

1.8 Søking til skular i Hordaland gjennom Hordalandsavtalen

Sogn og Fjordane fylkeskommune har [avtale med Hordaland fylkeskommune](#) om kjøp av skuleplassar. Avtalen gjeld berre for søkjarar frå kommunane Solund og Gulen til plassar ved Austrheim vidaregåande skule og berre søkjarar frå Aurland kommune, postnummer Gudvangen, til plassar på Voss. Søklarar frå andre kommunar vil bli varsla om at ønske vert sletta.

Dersom du er busett i ein av desse kommunane og ønskjer skuleplass i Hordaland, må du føre skuleplass i Hordaland opp som første ønske på søknaden din.

Du skal søkje gjennom Sogn og Fjordane sin Vigo.

1.9 Søking til landslinjer og landsdekkjande tilbod

Nokre tilbod blir kalla landslinjer eller landsdekkjande tilbod. Dei har du rett til å søkje same kvar i landet du bur og søklarar frå heile landet stiller likt ved inntak. Staten finansierer landslinjene. Landsdekkjande tilbod er det berre grunnlag for å ha i eitt eller nokre få tilbod. Desse blir finansierte av fylkeskommunane.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har landslinje i vg1 studiespesialisering med skiskyting ved Stryn vidaregåande skule. Du må sende [søknadskjema](#) til skulen. Fylket har også landsdekkjande tilbod i vg2 industriell møbelproduksjon ved Eid vidaregåande skule.

Sogn Jord- og hagebruksskule har landslinje i økologisk landbruk. Skulen har tilbod på vg2 og vg3 nivå. Meir informasjon finn du på skulen si heimeside [sjh.no](#)

For deg som søker er det i praksis ingen forskjell på landslinje eller landsdekkjande tilbod. Du søker også desse tilboda via [vigo.no](#). Du bør ta kontakt med aktuell fylkeskommune då det er ulik praksis i fylka med omsyn til kva ønskenummer på søknadene som vert vurdert ved inntak.

1.10 International Bacculaureate (IB)

IB er eit toårig universitetsførebuande opplæringstilbod som bygger på greidd vg1 frå eit studieførebuande utdanningsprogram. Eksamen frå IB-lina kvalifiserer for opptak ved dei fleste høgare lærestader i verda, med moglegeheiter for spesielle «scholarships». Undervisninga er i hovudsak på engelsk.

Også for skuleåret 2017-18 vil det vere høve til å søkje vg2 IB i fylket. Tilbodet er ved UWC i Fjaler, med to plassar. Om ønskeleg kan ein få overnattingsplass og måltid på internata til UWC. Dei to plassane for Sogn og Fjordane kjem i tillegg til dei 10 plassane som er valt ut av UWC sin nasjonale komité i Oslo: [uwc.no/](#) Ein kan berre søke på eitt av desse to alternativa. [Søknadsskjema til dei to plassane.](#)

Nytt i år er at du ikkje skal søkje til vg2 via Dale vidaregåande skule. Du vil finne tilbodet om vg2 IB under kjøpte plassar på vigo.no. Til vg3 IB søker du til Dale vidaregåande skule som tidlegare. Meir informasjon på UWC.no eller Leonie Merts Koning på admissions@rcnuwc.no / 57 73 70 04.

1.11 Vekslingsmodellen

Sogndal vidaregåande skule og Stryn vidaregåande skule tilbyr vekslingsmodellen i bygg- og anleggsteknikk. Vekslingsmodellen gjer det mogeleg å veksle mellom skule og bedrift i eit 4-årig løp.

Dersom du ønskjer informasjon om vekslingsmodellen kan du ta kontakt med Sogndal vidaregåande skule eller Stryn vidaregåande skule. Sjå kontaktinformasjon på side 17.

Du søker på www.vigo.no til ordinær vg1 bygg- og anleggsteknikk.

1.12 Oversikt over vidaregåande skular i Sogn og Fjordane

Du finn all informasjon om vidaregåande skular i Sogn og Fjordane på www.vilbli.no

I tillegg kan du gå på heimesidene til den enkelte vidaregåande skule for å finne meir informasjon.

Søklarar frå Sogn og Fjordane til Sygna vidaregåande skule kan søkje gjennom vigo.no eller direkte til skulen.

Ønskjer du å søkje til private vidaregåande skular i andre fylke bør du ta kontakt med den aktuelle skulen for å høyre korleis du skal søkje.

Skule	Adresse	Postnummer	Poststad	Telefon	Rektor
Dale	Trolleskaret	6963	Dale i Sunnfjord	57 63 70 00	Gro Fivelsdal
Eid	Postboks 174	6771	Nordfjordeid	57 63 83 00	Ove Bjørlo
Firda	Firdavegen 21	6823	Sandane	57 82 53 20	Hallgeir Hansen
Flora	Postboks 127	6901	Florø	57 63 76 00	Knut Christian Clausen
Hafstad	Postboks 294	6802	Førde	57 63 75 00	Nina Bygstad
Høyanger	Postboks 249	6991	Høyanger	57 63 78 00	Torill Torbjørnsen
Mo og Øyrane	Postboks 115	6801	Førde	57 63 73 00	Liv Horvei
Måløy		6718	Deknepollen	57 63 79 00	Åsta Navelsaker Røed
Sogn Jord og hagebruk	Skulevegen 21	5745	Aurland	57 63 26 50	Aksel Hugo
Sogndal	Lunnamyri 2	6856	Sogndal	57 67 64 00	Martha Sofie Vange
Stryn	Postboks 158	6781	Stryn	57 83 48 00	Anders Bruvoll
Årdal	Postboks 213	6882	Øvre Årdal	57 63 84 00	Henny Midtun

Del 2

Informasjon om søknad til vidaregåande skular

2.1 Korleis registrerer eg søknaden min på vigo.no

Vigo.no er nettstaden for deg som søker offentlege vidaregåande skule og formidling til læreplass i bedrift. I Sogn og Fjordane kan du og registrere søknaden din til den private skulen Sygna vidaregåande skule på vigo.no

2.2 Elektronisk ID

Når du skal bruke offentlege tenester på internett er sikker identifisering nødvendig. Elektronisk ID gjer kommunikasjonen trygg mellom deg og det offentlege. Du må difor bruke elektronisk ID for å logge inn på vigo.no. Du kan velje mellom tre elektroniske IDar: MinID, Buypass og Commfides. På eid.difi.no får du hjelp og brukarstøtte til alle dei tre elektroniske ID-ane. Nedanfor finn du berre informasjon om MinID.

Når du skal bruke MinID første gongen må du identifisere deg med PIN-kode:

- Alle elevar i 10. klasse, som ikkje har brukt MinID før, får brev med PIN-kodar til MinID i byrjinga av januar.
- Dersom du ikkje har fått PIN-kodebrevet, kan du tinge det på skatteetaten.no.

Tips

Sjekk at du får til å logge inn på vigo.no med MinID med fødselsnummer, sjølvvalt passord og kode på SMS i god tid før søknadsfristen er ute!

2.2.1 Registrer søknaden din på vigo.no

- Sjekk at mobilnummer, e-postadresse og adresse er rett på vigo.no. Mobilnummer og e-postadresse kan du endre heile året på vigo.no.
- Registrer søknaden din. Du finn informasjon på [søkjesida](#).
- Les instruksjonane nøye.
- Treng du hjelp med søknaden? Kontakt rådgjevar på skulen din, eller opplæringsavdelinga, sjå framme i søkjarhandboka for kontaktinformasjon.
- Har du avslutta grunnskolen i utlandet, må du kontakte opplæringsavdelinga før du kan søkje vidaregåande opplæring på vigo.no.
- **Hugs å skrive ut kvittering av søknaden før du loggar ut.**

2.2.2 Korleis endre opplysningar om deg på vigo.no

- Før søknadsfristen kan du endre søknaden din når du vil på vigo.no
- Får du nytt mobilnummer eller ny e-postadresse må du endre opplysningane på vigo.no. Dette kan du gjere heile året.
- Hugs at du også må oppdatere mobilnummer og e-postadresse i brukarprofilen på MinID.

2.2.3 Har du gløymt passordet?

- Gå til vigo.no
- Logg inn med MinID
- Vel «gløymt passord» og skriv inn fødselsnummeret ditt
- Du vil nå få to kodar: éin på SMS og éin på e-post
- Har du ikkje mobiltelefonen eller e-posten din tilgjengeleg, må du bruke PIN-kode frå kodebrevet.

2.2.4 Har du ikkje PIN-kodebrev?

- Bestill PIN-kodebrev på eid.difi.no
- PIN-kodane kan berre sendast til den folkeregisterregistrerte adressa di.

2.2.5 Har du ikkje mobiltelefon?

- Utan mobiltelefon må du bruke PIN-kodar frå kodebrevet kvar gong du skal logge inn på vigo.no med MinID.
- Du treng også fødselsnummeret ditt og det sjølvvalde passordet ditt til MinID.

2.2.6 Treng du meir hjelp?

Kontakt brukarstøtta for MinID og elektronisk ID på

- Telefon 800 30 300
- brukerstotte@difi.no

Mobilnummeret kan du rette direkte i vigo.no heile året. Andre endringar må du sende på e-post til opplæringsavdelinga, post@sfj.no

Hjelp til MinID

Viktig!

- Hugs passordet ditt til MinID
- Lær deg fødselsnummeret ditt
- Du treng mobiltelefonen din
- Ta godt vare på PIN-kodebrevet ditt.
- I sommar må du bruke minID når du skal svare på tilbod om plass/ventelisteplass på vigo.no.

2.3 Kva er vilkåra for å bli teken inn til vidaregåande skule

Inntaksreglane er gitt i forskrift til opplæringslova, og er dei same for heile landet. Opplæringslova § 3-1 regulerer rett til vidaregåande opplæring. Forskrift til opplæringslova § 6 og § 6A regulerer inntak til vidaregåande opplæring i skule og bedrift. I tillegg har Sogn og Fjordane fylkeskommune [lokal forskrift](#) som regulerer lokalt vedtekne rutinar.

Inntaksgrunnlag til vg1 er fullført grunnskule. Poengsummen du oppnår i grunnskulen, vil alltid vere den poengsummen du konkurrerer med.

2.3.1 Grunnkompetanse som mogeleg veg

Grunnkompetanse er kompetanse på eit lågare nivå enn full yrkes- eller studiekompetanse. Grunnkompetanse kan vere planlagt eller ikkje planlagt.

Dersom du av ulike årsaker ikkje oppnår full yrkes- eller studiekompetanse etter vidaregåande opplæring, for eksempel ved at du sluttar undervegs eller stryk i fag, får du utstedt eit kompetansebevis som dokumenterer kompetansen du har fått gjennom opplæringa. Du vil seinare kunne gjennomføre ytterlegare opplæring med sikte på full yrkes- eller studiekompetanse.

Dersom du allereie ved starten av vidaregåande opplæring veit at du vil ha vanskar med å oppnå full yrkes- eller studiekompetanse, eller oppdagar dette undervegs, kan skulen hjelpe deg med å planlegge og legge til rette opplæringsløpet ditt. Skulen kan også gje deg råd om korleis du seinare kan fullføre opplæringa du har starta på. Dersom du undervegs i opplæringa opplever at du meistrar meir enn du sjølv trudde då du valde å arbeide mot grunnkompetanse, er det mogeleg å endre målet for opplæringa til full yrkes- eller studiekompetanse.

Grunnkompetanse kan du velje som mål både i studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram. Vel du grunnkompetanse gjennom opplæring i bedrift, kan du lese meir om dette under Lærekandidat på [vilbli.no](#).

2.4 Vilkår for inntak til vg1, inntak til vidaregåande opplæring er regulert i [forskrift til opplæringslova kapittel 6](#)

Vilkår for inntak til vg1 er at du har fullført norsk grunnskuleopplæring eller tilsvarande. Dette skal dokumenterast ved vitnemål for fullført norsk grunnskule, eller stadfesting av at du fyller eitt av desse vilkåra:

- a) Er skriven ut av grunnskolen etter opplæringslova § 2-1 fjerde ledd.
- b) Har gjennomgått allmenn grunnopplæring i utlandet i minst 9 år.
- c) Har tilsvarande realkompetanse som fullført norsk grunnskuleopplæring for vaksne etter opplæringslova § 4A-1 og denne forskrifta § 4-33.

Søkjjarar som hevdar at dei har gjennomgått allmenn grunnopplæring i utlandet etter bokstav b, må sjølve dokumentere dette, eller grunnge at det er sannsynleg at han eller ho fyller vilkåret. Vitnemål frå utlandet må vere omsett til norsk eller engelsk. Karacterskala må følgje med. Dersom fylkeskommunen finn at vilkåret ikkje er oppfylt, skal saka sendast til heimkommunen som avklarar om søkjaren har tilsvarande realkompetanse etter bokstav c. (Opplæringslova § 6-13).

2.4.1 Utrekning av poeng ved søknad til vg1

Avsluttande karakterar i alle fag frå grunnskulen blir lagt til grunn. Dei fleste har 14 standpunktkarakterar på vitnemålet frå grunnskulen. I tillegg kan du ha eksamenskarakterar. Merk at også karakteren i tilvalsfag er poenggeevande.

Alle karakterane, standpunkt- og eksamenskarakterar, blir summerte og dividert på tal karakterar. Dette blir snittkarakteren din frå grunnskulen. Snittkarakteren blir multiplisert med 10, som blir den poengsummen du konkurrerer med ved inntaket til vg1.

2.5 Vilkår for inntak til vg2 og vg3

Vilkåra for inntak til vg2 er at du har bestått i alle dei faga som er fastsette i læreplanverket for utdanningsprogrammet på vg1, òg i dei faga der det ikkje skal setjast ein standpunktkarakter. Vilkåra for inntak til vg3 er at du har bestått i alle dei faga som er fastsette i læreplanverket for programområdet på vg2 og utdanningsprogrammet til vg1, òg i dei faga der det ikkje skal setjast ein standpunktkarakter.

Søkjarar som ikkje har bestått i alle fag, men som fyller vilkåra for inntak til neste nivå etter § 6-35 til § 6-38, skal òg takast inn som fulltidselev til eit programområde på vg2 eller vg3 som byggjer på utdanningsprogrammet på vg1 og eventuelt programområdet på vg2. (Opplæringslova § 6-28)

Når du registrerer søknaden din til vg2 og vg3 på vigo.no, får du automatisk opp dei programområda du er kvalifisert for. Vg2 og vg3 byggjer som hovudregel på det utdanningsprogrammet du går på. Det er likevel ein del unntak gjennom godkjende kryssløp frå vg1 i eit utdanningsprogram til programområde på vg2 i eit anna utdanningsprogram. Sjå vilbli.no for inntakskrava som gjeld.

Dei fleste søkjarane søker gjennom vigo.no. Der vil du berre få tilgang til å søkje vg2 og vg3 du er kvalifisert for. Dersom du sender papirsøknad og søker vg2 eller vg3 du ikkje er kvalifisert for, vil du bli kontakta av opplæringsavdelinga.

Søker du eit vidaregåande programområde som du ikkje er kvalifisert for, og dette ikkje blir oppdaga i søknadshandsaminga, kan du ikkje krevje å få behalde plassen dersom du ved en feil skulle få tilbod om plass.

2.5.1 Utrekning av poeng ved søknad til vg2

Karakterar i alle fag på vg1 blir lagt til grunn.

Alle karakterar, standpunkt- og eksamenskarakterar, blir summerte og dividert på tal karakterar. Snittkarakteren blir multiplisert med 10, og dette blir den poengsummen du tevlar med ved inntaket til vg2.

For å kunne søkje vg2 må du ha fullført kompetansegjevande vg1. Inntaksforskrifta seier at vilkår for inntak til vg2 er at søkjaren har bestått i alle dei faga som er fastsette i læreplanverket for utdanningsprogrammet på vg1, også dei faga det ikkje skal setjast standpunktkarakter i. Dersom du har fleire kompetansegjevande vg1 kurs, blir den/dei beste karakterane brukt ved utrekning av poengsum.

I inntaksforskrifta er det opna for at søkjarar som ikkje oppfyller vilkåra for inntak på grunnlag av bestått i alle fag likevel kan takast inn til neste nivå, dersom fylkeskommunen etter ei heilskapleg vurdering finn det forsvarleg. For søkjarar med inntil to 1-arar og/eller IV (ikkje vurderingsgrunnlag) skal skulen gjere vurdering av om det er fagleg forsvarleg med inntak til neste nivå. Søkjarar med meir enn to 1-arar og/eller IV vert vurdert som ikkje kvalifiserte til inntak til neste nivå. Desse vil ikkje få tilbod om skuleplass som fulltidselev skuleåret 2017-2018.

2.5.2 Utrekning av poengsum ved søknad til vg3

Dei same reglane som ved søknad til vg2 gjeld. Sjå ovanfor.

2.6 Korleis kan eg kvalifisere meg til neste nivå i vidaregåande opplæring utan å ha bestått tidlegare nivå?

- **Ny eksamen/privatisteksamen**
Du kan få hjelp til melde deg opp til ny eksamen.
Ta kontakt med den vidaregåande skulen din etter 14. august.
- **Deltidselev**
Du søker skulen om inntak som deltidselev og vil bli teken inn dersom det er ledig plassar. Ta kontakt med den vidaregåande skulen din etter 14. august.

2.7 Tildeling av plass ved same poengsum

Dersom to eller fleire søkjarar har same poengsum blir det nytta maskinell loddtrekking.

2.8 Tilleggs poeng for dugleik ved inntak til vg1 Musikk, dans og drama - musikk

Til vg1 Musikk, dans og drama - musikk blir søkjarar som har dette som sitt første ønske inviterte til prøvespel. Inntil 50 prosent av søkjarane kan få inntak på grunnlag av tilleggs poeng etter dugleiksprøve. Skulen vurderer søkjarane, og på grunnlag av prestasjonar får inntil halvparten av søkjarane tilleggs poeng.

2.9 Ordningar for potensielle toppidrettsutøvarar

Sogn og Fjordane fylkeskommune har to ordningar for potensielle toppidrettsutøvarar ved våre fylkeskommunale skular.

Dersom du søker om å få delta i ei av ordningane for potensielle toppidrettsutøvarar må du føre det opp som første ønske på søknaden din.

Definisjonen på potensielle toppidrettsutøvarar er:

Framtidige toppidrettsutøvarar skal kunne dokumentere at dei driv prestasjonsutvikling ved å følgje ei lang-siktig utviklingstrapp som tek sikte på å føre utøvaren fram til internasjonalt toppidrettsnivå.

Utviklingstrappa skal med utgangspunkt i særiddrettane sine spesifikke arbeidskrav, beskrive alle element som inngår i ein heilskapleg utvikling av unge utøvarar.

2.9.1 Spissa idrettstilbod i vidaregåande skule for potensielle toppidrettsutøvarar

Ordninga gjeld alle tre årssteg i desse tre idrettane:

- Skiskyting, Stryn vidaregåande skule (gjeld vg2 og vg3)
- Fotball, Sogndal vidaregåande skule
- Volleyball, Hafstad vidaregåande skule

Det er inntil fem plassar pr. idrett pr. trinn. Det er ein føresetnad for full deltaking i det spissa idrettstilbodet at du søker utdanningsprogramma idrettsfag eller studiespesialisering.

Sogn og Fjordane Idrettskrins vurderer og gjer formelt vedtak om kven som kan definerast som potensielle toppidrettsutøvarar. Du må leggje ved skriftleg dokumentasjon frå særkrins/klubb som grunnlag for denne vurderinga.

Etter at Sogn og Fjordane Idrettskrins har handsama og prioritert søkjarane vil du få melding om resultatet av handsaminga frå fylkesdirektøren for opplæring. Denne meldinga er ikkje svar på Vigo-søknaden om skuleplass.

Dersom du får plass i inntaket, og i tillegg vert definert som potensiell toppidrettsutøvar av Sogn og Fjordane Idrettskrins, vil du få tilbod frå skulen der du har søkt om å delta i ordninga.

Inntekne til andre utdanningsprogram kan etter avtale med skulen ta del i tilbudet dersom det ikkje medfører auka kostnader.

Du må hake av for «spissa idrettstilbod» i feltet «Tilleggsopplysningar» i Vigo. Utskrift av web-søknad, søknadsskjemaet «Søknadsskjema toppidrett» og andre vedlegg sender du i eitt eksemplar til Sogn og Fjordane fylkeskommune, opplæringsavdelinga, Askedalen 2, 6863 Leikanger, innan søknadsfristen.

2.9.2 Potensielle toppidrettsutøvarar

Denne ordninga gjeld idrettar som ikkje er omfatta av «Spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle toppidrettsutøvarar»

Sogn og Fjordane Idrettskrins vurderer og gjer formelt vedtak om kven som kan definerast som potensielle toppidrettsutøvarar.

Følgjande skriftleg dokumentasjon er nødvendig:

- Dokumentasjon frå særkrins/klubb om at du har potensiale og resultat som viser at du kjem inn under definisjonen potensiell toppidrettsutøvar
- Avtale mellom klubb og fadder
- Stadfesting på at skulen kan leggje til rette på det programområdet du har søkt på

Etter at Sogn og Fjordane Idrettskrins har handsama og prioritert søkjarane vil du få melding om resultatet. Denne meldinga er ikkje svar på Vigosøknaden om skuleplass.

Dersom du får plass i inntaket, og i tillegg vert definert som potensiell toppidrettsutøvar av Sogn og Fjordane Idrettskrins, vil du få tilbud frå skulen der du har søkt om å delta i ordninga.

Du må hake av for «potensielle toppidrettsutøvar» i feltet «Tilleggsopplysningar» i Vigo. Utskrift av web-søknad, søknadsskjema «Søknadsskjema toppidrett» og andre vedlegg sender du i eitt eksemplar til Sogn og Fjordane fylkeskommune, opplæringsavdelinga, Askedalen 2, 6863 Leikanger, innan søknadsfristen.

Du finn meir informasjon om ordninga på Vilbli.no

2.10 YSK- 4-årig yrkes- og studiekompetanse

Denne opplæringa fører i løpet av 4 år fram til både studiekompetanse og fagbrev. Dei to første åra har du status som elev, og går tre dagar på skule og arbeider to dagar i bedrift. Dei to siste åra har du status som lærling med lærekontrakt. Tredje året er fordelinga mellom skule/bedrift som i dei to første, medan du er i bedrift 3 dagar i veka det siste året.

Dei som får plass skriv lærekontrakt med ei bedrift. Det er bedrifta som tilset lærlingane. Dette treng ikkje vere dei søkjarane som har høgast poengsum frå ungdomsskulen. Ordinært poenginntak gjeld difor ikkje til «YSK-klassane».

Du må ha avtale med skulen om læreplass i ei bedrift.

I vårt fylke er det Måløy, og Mo og Øyrane vidaregåande skular som tilbyr yrkes og studiekompetanse (YSK).

Ved Måløy vidaregåande skule kan du velje

- Helse og oppvekstfag
- Naturbruk - marine fag
- Teknikk og industriell produksjon

Ved Mo og Øyrane vidaregåande skule har dei tilbod i

- Service og samferdsle

Dersom du kan tenkje deg å søkje eit YSK-tilbod må du ta kontakt med skulen for meir informasjon. Oversikt over dei vidaregåande skulane finn du framme i søkjarhandboka. I tillegg til vigosøknaden sender du «[søknadsskjema YSK](#)».

2.11 Søking til vg1 - Prioritering av utdanningsprogram/programområde- og skuleønske

Opplæringslova § 3.1 gir alle søkjarar med ungdomsrett rett til inntak til eitt av tre valde utdanningsprogram på vg1. Du som søkjer til vg1 må difor søkje 3 ulike utdanningsprogram i prioritert rekkjefølgje.

Innanfor kvart utdanningsprogram/programområde **kan** du velje inntil 3 skular som også skal setjast opp i prioritert rekkjefølgje.

Rekkjefølgja du fører opp på søknadsskjemaet er heile tida bindande. Ved inntak kan du berre stå på venteliste til høgare prioriterte ønske. Du kan ikkje stå på venteliste til lågare prioriterte ønske. Angrar du på rekkjefølgja du har sett opp, kan du endre den på www.vigo.no før søknadsfristen er gått ut.

Døme på utfylling, 3 ulike utdanningsprogram/programområde og inntil 3 skular innanfor kvart programområde-ønske:

Ønske	Utdanningsprogram/programområde	Skule
Ønske 1	Utdanningsprogram 1	Skule
Ønske 2	Utdanningsprogram 1	Skule (ulik skulen over)
Ønske 3	Utdanningsprogram 1	Skule (ulik dei to skulane over)
Ønske 4	Utdanningsprogram 2	Skule
Ønske 5	Utdanningsprogram 2	Skule (ulik skulen over)
Ønske 6	Utdanningsprogram 2	Skule (ulik dei to skulane over)
Ønske 7	Utdanningsprogram 3	Skule
Ønske 8	Utdanningsprogram 3	Skule (ulik skulen over)
Ønske 9	Utdanningsprogram 3	Skule (ulik dei to skulane over)

2.11.1 Reglar for søking på vg1-tilbod innan YSK- 4-årig yrkes- og studiekompetanse.

Du kan søkje YSK tilbod i til dømes i utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon (TP), i tillegg til ordinær teknikk og industriell produksjon. Desse vert rekna som eitt utdanningsprogram. Vel du denne løysinga må du i tillegg søkje to andre utdanningsprogram.

2.11.2 Reglar for søking til vg1-tilbod innan musikk, dans og drama

I utdanningsprogrammet musikk, dans og drama (MD) kan du søkje alle tre fordjupingane (musikk, dans og drama), dette vert rekna som eitt utdanningsprogram. Vel du denne løysinga må du i

tillegg søkje to andre utdanningsprogram.

2.11.3 Reglar for søking til naturbruk

I utdanningsprogrammet naturbruk kan du søkje både naturbruk og naturbruk med hest. Dette vert rekna som eitt utdanningsprogram. Vel du denne løysinga må du i tillegg søkje to andre utdanningsprogram.

2.12 Inntakskrav til dei ulike programområda på vg2

Merk at du frå vg1 på alle utdanningsprogram kan søkje deg til IKT-servicefag (Service og samferdsel)

Vg2 i programområda	Byggjer på vg1	Du kan også søkje vg2
Bygg- og anleggsteknikk 2	Bygg- og anleggsteknikk	Anleggsgartnar og idrettsanlegg (naturbruk) Industriell møbelproduksjon (teknikk og industriell produksjon)
Design og handverk 2	Design og handverk	Barne- og ungdomsarbeidarfag (helse- og oppvekstfag) Industriell møbelproduksjon (teknikk og industriell produksjon) Industrietekstil og design (teknikk og industriell produksjon). Er ikkje tilbod i Sogn og Fjordane
Elektrofag 2	Elektrofag	Brønnteknikk (teknikk og industriell produksjon) Køyretøy (teknikk og industriell produksjon) Maritime fag (teknikk og industriell produksjon) Industrieteknologi (teknikk og industriell produksjon) Arbeidsmaskiner (teknikk og industriell produksjon) Er ikkje tilbod i Sogn og Fjordane.
Helse- og oppvekstfag 2	Helse- og oppvekstfag	Aktivtør (Design og håndverk) Er ikkje tilbod i Sogn og Fjordane
Idrettsfag 2	Idrettsfag	
Kunst, arkitektur og design 2	Kunst, arkitektur og design	
Medium og kommunikasjon 2	Medium og kommunikasjon	
Musikk, dans og drama 2	Musikk, dans og drama	
Naturbruk 2	Naturbruk	
Restaurant- og matfag 2	Restaurant- og matfag	Fiske og fangst (Naturbruk)
Service og samferdsle 2	Service og samferdsle	
Studiespesialisering 2	Studiespesialisering	Laboratoriefag (teknikk og industriell produksjon)
Teknikk og industriell produksjon 2	Teknikk og industriell produksjon	Automatisering (Elektrofag) Transport og logistikk (service og samferdsel) Anleggsteknikk (bygg- og anleggsteknikk) Kulde- og varmepumpeteknikk (Elektrofag). Er ikkje tilbod i Sogn og Fjordane Smed DH. Er ikkje tilbod i Sogn og Fjordane Design og trearbeid DH. Er ikkje tilbod i Sogn og Fjordane

2.13 Kan eg søkje kva skule eg vil i Sogn og Fjordane?

I Sogn og Fjordane er det fritt skuleval. Det vil seie at du kan søkje kva skule/skular du vil uansett kor du bur i fylket. Karakterpoengsummen din avgjer kor du får plass.

2.14 Kan eg gjere omval?

Dersom du finn ut at du heller vil søkje eit anna utdanningsprogram/programområde, får du utvida retten din til opplæring slik at du kan fullføre opplæringa i det nye utdanningsprogrammet. Dersom du avbryt skuleåret før 1. november har du ikkje brukt av retten det året, men året vert rekna som «friår» av den samla fristen for å gjennomføre vidaregåande opplæring på 5 år.

NB! Siste frist for å slutte på skule, utan å bruke av opplæringsretten det skuleåret er 31. oktober.

Dersom du søker lærekontrakt eller opplæringskontrakt vil hovudregelen vere at du ikkje har brukt av retten din dersom du sluttar innan 6 månader etter at lærekontrakten/opplæringskontrakten er inngått. Desse 6 månadane treng ikkje å vere samanhengande i ei lærebdrift.

2.15 Kan eg få plass ved ein annan skule enn eg har søkt?

Rettane i opplæringslova er knytte til utdanningsprogram/programområde og ikkje til ein bestemt skule. Dersom du ikkje har fått skuleplass i første inntaket kan du i andre inntaket få tilbod på ein skule du ikkje har søkt.

Dei vidaregåande skulane overtek inntaket etter 2. inntaket. Skulane kontaktar søkerar for å gje dei tilbod på ledige plassar.

Dersom du takkar nei til ein skuleplass, får du ikkje fleire tilbod frå opplæringsavdelinga eller skulane dette skuleåret. Vi vil difor rå deg til å takke ja til plassen du har fått, og heller kontakte aktuelle skular etter dei har overteke inntaket, for å kome på venteliste eller få ein ledig plass. Sjølv om du har takka nei til skuleplass, og difor ikkje vert kontakta av opplæringsavdelinga eller dei vidaregåande skulane, kan du sjølv ta kontakt med dei vidaregåande skulane og få ein eventuell ledig plass, eller be om å få kome på ventelistene.

2.16 Kan eg endre søknaden min?

2.16.1 Før søknadsfristen er ute?

Angrar du på søknaden din og rekkjefølgja du har sett opp, kan du endre på www.vigo.no før søknadsfristen er gått ut.

2.16.2 Etter at søknadsfristen er ute?

Søknaden din til vidaregåande opplæring kan som hovudregel ikkje endrast etter søknadsfristen. Dersom det har oppstått ein spesiell situasjon, som t.d. flytting med familie, sjukdom eller spesielle sosiale årsaker, kan du sende ein søknad om **omprioritering** av søknaden. Søknaden må vere grunngjeven, og dokumentasjon må følgje med. Søknaden skal sendast til opplæringsavdelinga i fylkeskommunen seinast 25. juni.

2.17 Kan eg søkje vidaregåande opplæring i eit anna fylke enn Sogn og Fjordane?

Du kan søkje plass i så mange fylke som du ønskjer. Fylkeskommunane har ansvar for å gje skuleplass til dei som er registrerte i folkeregisteret i fylket pr. 1. mars 2017.

Søknad til andre fylke registrerer du på Vigo.no, og bruker «rullegardin» for å finne rett fylke. Syner til punkt 2.22.1 om friare skuleval.

Dersom foreldra dine bur i to ulike fylke, kan du sende dokumentasjon på dette til det fylket du ønskjer å søkje utanfor Sogn og Fjordane. Du kan då få rett til vidaregåande opplæring i det nye fylket, sjølv om du har folkeregistrert adresse i Sogn og Fjordane. Fylkeskommunane har ulike reglar, kontakt det aktuelle fylket for meir informasjon om fristar for innsending av dokumentasjon osv.

2.18 Kan eg få opplæringsrett i Sogn og Fjordane når ein av foreldra mine bur i dette fylket?

Dersom du har folkeregistrert adresse i eit anna fylke enn Sogn og Fjordane, kan du etter søknad få rett til vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane når du dokumenterer at ein av foreldra dine bur

her. Begge foreldre må stadfeste at du skal bu i Sogn og Fjordane der ein av foreldra er folke-registrert. Du treng ikkje melde adresseendring eller bu saman med den av foreldra som bur i Sogn og Fjordane. Denne godkjenninga gjeld berre for eitt år om gangen og må ev. fornyast kvart år. I slike høve får du i praksis opplæringsrett både i Sogn og Fjordane og heimfylket ditt. Søknad og dokumentasjon må sendast innan søknadsfristen. Adresse finn du fremst i handboka.

2.19 Rettar til vidaregåande opplæring

2.19.1 Ungdomsrett:

Ungdom som er ferdig med grunnskulen eller tilsvarande opplæring har etter søknad rett til tre års heiltids vidaregåande opplæring. Retten må, som hovudregel, takast ut i løpet av fem år frå det året du startar på opplæringa.

Sjølv om du ventar med å starte i vidaregåande opplæring og/eller får utvida rett og frist kan du ikkje ha ungdomsrett lenger enn til det kalenderåret du fyller 24 år.

Dersom du sluttar 1. november eller seinare i skuleåret har du brukt eitt år av retten, og eitt år av fristen.

Når du søker vidaregåande opplæring med ungdomsrett har du rett til inntak ved eitt av tre utdanningsprogram på vg1. Til vg2 og vg3 har du rett til inntak til eit programområde som byggjer på det vg1-kurset du har.

Dersom du skal ha barn eller er kalla inn til militærtjeneste er det viktig at du søker vidaregåande opplæring likevel. Om du får skuleplass vil plassen bli reservert for neste skuleår, evt kan du søkje om å ta permisjon frå nyttår eitt år og kome tilbake etter nyttår året etter.

Dersom du må avbryte vidaregåande opplæring på grunn av sjukdom eller særlege sosiale grunnar kan du søkje utvida rett.

Nødvendig dokumentasjon må sendast til opplæringsavdelinga. Sjå fremst i handboka for adresse.

Dersom du har fått studie eller yrkeskompetanse har du brukt opp ungdomsretten.

2.19.2 Fullføringsrett

Dersom du vart teken inn til vidaregåande opplæring utan ungdomsrett førre skuleår, har du fullføringsrett. I inntaket er søkjarar med fullføringsrett prioriterte etter søkjarar med ungdomsrett.

2.19.3 Vaksenrett

Du har vaksenrett dersom du er over 25 år og ikkje tidlegare har fullført vidaregåande opplæring som fag-/yrkeskompetanse eller studiekompetanse. Vaksenretten er ikkje tidsavgrensa. I inntaket til ordinær vidaregåande opplæring er dei med vaksenrett prioriterte etter dei med ungdomsrett. Dersom du meiner du har vaksenrett ber vi deg ta kontakt med eitt av karrieresentera i fylket på www.karrieresfj.no.

2.19.4 Ikkje rett

Dette gjeld søkjarar som er folkeregistrerte i eit anna fylke enn Sogn og Fjordane, eller som har gått vidaregåande opplæring tidlegare. I inntaket vil du ha siste prioritet, og det er relativt liten sjanse for at du får plass i ordinær vidaregåande skule.

Det er skulane som tek inn søkjarane utan rett. Dei kan ta inn til ledige plassar.

2.20 Har eg rett til vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane dersom eg ikkje har folkeregistrert adresse i Sogn og Fjordane pr. 1. mars?

Du har ikkje rett på skuleplass i Sogn og Fjordane dersom du ikkje er registrert i folkeregisteret i ein av kommunane i Sogn og Fjordane pr. 1. mars.

Melding om flytting må vere reell, og gjennomført pr. 1. mars. Du kan såleis ikkje melde flytting til Sogn og Fjordane og halde fram ved same skule i heimefylket ut skuleåret.

Du er velkomen som søkjar til vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane utan ungdomsrett. Du vil berre få plass dersom det er ledige plassar etter at alle søkjarane frå Sogn og Fjordane har fått tilbod om plass.

Dersom du skal flytte saman med foreldre/føresette gjeld ikkje fristen 1. mars. Foreldra dine må sende inn stadfesting på at dei skal flytte til Sogn og Fjordane før skulestart. Det kan vere stadfesting av ny jobb eller kjøp av husvære for ein eller begge av foreldra dine. Hugs å melde frå til opplæringsavdelinga i heimefylket ditt at du flyttar til Sogn og Fjordane.

2.21 Må eg ettersende vitnemål/kompetansebevis?

Hovudregelen er at du ikkje treng å sende inn vitnemål/kompetansebevis, verken når du søker på vigo.no eller med papirsøknad. Dette gjeld uansett om du bur i Sogn og Fjordane eller i andre fylke. Alt dette er samla i ein felles database for heile landet.

Unntaket er dersom du er fødd i 1977 eller tidlegare. I slike høve må du, etter at søknaden er registrert på vigo.no, ettersende vitnemål eller realkompetansebevis som grunnlag for det kurset du søker.

2.22 Skuleplassar i andre fylke

2.22.1 Søkje skuleplass i andre fylke (friare skuleval)

Stortinget har vedteke at fylkeskommunane frå skuleåret 2017-2018 har plikt til å handsame søkjarar frå andre fylke, ved ledig kapasitet.

Lovendringa betyr at når du søker om skuleplass på eit bestemt utdanningsprogram/ programområde i eit anna fylke, har denne fylkeskommunen (vertsfylket) no plikt til å vurdere om det er ledig plass.

Alle fylka kjem likevel til å gje tilbod til søkjarar frå eige fylke, før dei opnar opp for inntak av søkjarar frå andre fylke. Det betyr at når du søker skuleplass i eit anna fylke vil du først få ein eventuell skuleplass i eller etter andre inntaksrunden. Lovendringa vil difor truleg ikkje gjere det mykje enklare å få skuleplass i andre fylke enn det har vore til no.

Retten til vidaregåande opplæring gjeld berre i heimfylket ditt, det er difor svært viktig at du også søker skuleplass her i Sogn og Fjordane. Retten til skuleplass er avhengig av at du har søkt.

Dersom du vil søkje om skuleplass i eitt eller fleire andre fylke må du gjennomføre søkjarprosessen på vigo.no for kvart fylke. Fylkesdirektøren kan ikkje sjå i Vigo kva du søker i andre fylke.

Lovreglane om inntak med fortrinnsrett eller etter individuell handsaming etter opplæringslova og forskrift til opplæringslova gjeld ikkje ved inntak til andre fylke enn heimefylket ditt.

Dersom du meiner du har særlege sosiale eller medisinske behov for skulegang i eit anna fylke, kan du søkje det fylket om å bli prioritert gjesteelev. Du kan då bli prioritert for inntak før andre søkjarar frå andre fylke. Det er vertsfylket som avgjer om prioriterte gjesteelevar kjem etter eller på lik

linje med vertsfylket sine egne søkjarar. Lovendringa gjev deg ingen rett til å bli rangert på linje med vertsfylket sine egne søkjarar.

Søknad om å bli prioritert gjesteelev skal du sende til vertsfylket, og dei avgjer søknaden. Du skal ikkje sende søknad om gjesteelevgaranti til inntakskontoret her i fylket.

2.22.2 Kjøp av skuleplass til tilbod vi har i Sogn og Fjordane

Dersom du meiner du har tungtvegande grunnar for å søkje om skuleplass i eit anna fylke, må du søkje om at Sogn og Fjordane fylkeskommune kjøper skuleplass til deg.

Omgrepet «tungtvegande grunnar» er definert av fylkestinget i sak 19/15:

Sogn og Fjordane fylkeskommune forstår omgrepet «tungtvegande grunnar» i § 2 i lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til læreplass på følgjande måte:

1. Kriterium for tungtvegande grunnar vert å forstå slik:

- a. Det må ligge føre dokumenterte medisinske grunnar frå søkjar, og/eller
- b. Det må liggje føre dokumenterte sosiale grunnar frå søkjar, og/eller

c. Søkjar må dokumentere at han eller ho har ferdigheiter på eit svært høgt nivå. I kva grad søkjar med dokumentert høge ferdigheiter kan utvikle seg med tilrettelegging i vidaregåande opplæring i vår eigen fylkeskommune, vil bli vektlagd i vurderinga. Det er ein vidare føresetnad at det heller ikkje er landslinje eller landsdekkande tilbod innan området der søkjar kan dokumentere særskilte høge ferdigheiter.

Det er avgjerande at søkjar kan dokumentere å vere i landstoppen innan sitt område. Dokumentasjon på oppnådde resultat nasjonalt eller internasjonalt vil kunne tene som slik dokumentasjon. Attestar frå nasjonale/internasjonale institusjonar/instruktørar vil også kunne tene som dokumentasjon.

2. Ferdigheiter elles vert ikkje rekna som tungtvegande grunnar ved spørsmål om kjøp av skuleplass i andre fylkeskommunar, der vi har eit «Spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle toppidrettsutøvarar».

Vedtaket om friare skuleval mellom fylka opnar for søking til vidaregåande opplæring i andre fylke utan grunngjeving.

2.22.3 Kjøp av skuleplass til tilbod vi ikkje har i Sogn og Fjordane

§ 2 i lokal inntaksforskrift gir heimelen for kjøp av skuleplassar i andre fylke:

For søkjarar til tilbod fylkeskommunen ikkje tilbyr kan fylkesrådmannen kjøpe skuleplassar i andre fylke. Dette gjeld berre søkjarar med ungdomsrett.

Dersom du søker eit utdanningsprogram på vg2 eller vg3 som vi ikkje gir tilbod om i Sogn og Fjordane, kan du få tilbod om plass i eit anna fylke. Sogn og Fjordane samarbeider med dei andre fylkeskommunane om dette. På vigo.no brukar du skulekode «Kjøp av plass i anna fylke». Denne koden vil du berre finne på kurs som vi ikkje tilbyr i Sogn og Fjordane.

Det er berre aktuelt å forsøke å kjøpe skuleplass i anna fylke dersom du har dette ønske som første prioritet på søknaden din. Når du søker skuleplass utanfor Sogn og Fjordane, får du ikkje beskjed om kva skule du får plass på før inntaket er klart. Du er ikkje garantert plass i anna fylke og som hovudregel rår vi til at du i tillegg søker programområde vi har i Sogn og Fjordane.

2.23 Individuell behandling av søknaden

Inntaksforskrifta § 6-25 opnar for at søkjarar kan få søknaden til vidaregåande opplæring vurdert

på individuelt grunnlag. (Dette avsnittet omhandler ikkje søkjarar som søker om rett til spesialundervisning etter § 5.1 i opplæringslova).

Det kan vere at du bør få plass ved eit bestemt distrikt. Det kan skuldast flytting, sjukdom eller tungtvegande sosiale årsaker. Søkjarar med omsorgsansvar for mindreårige barn vil òg få søknaden individuelt handsama.

Dersom du meiner det er grunnlag for individuell vurdering av søknaden skal du bruke [vedleggsskjema til søknad om vidaregåande opplæring](#). i tillegg til søknad på [vigo.no](#). Vedleggsskjema finn du på [sfj.no](#). Søknaden må stadfestast av PPT, rådgjevar, lege eller barnevern.

Merk at søknad om inntak etter individuell vurdering ikkje er ein rett til inntak på første skuleønske eller høgast prioriterte utdanningsprogram.

Søknader om individuell vurdering skal som hovudregel sendast gjennom skulen eller Oppfølgings-tenesta/PPT. Søknaden må i tillegg vere registrert på [vigo.no](#) på vanleg måte innan 1. februar.

Del 3

Stipend, skyss og PC

3.1 Stipend frå Lånekassen

Er du elev i vidaregåande skule og har ungdomsrett, får du utstyrsstipend frå Lånekassen. Du får stipendet same kor mykje foreldra dine tener eller kor stor formue dei har, men hugs at du må søkje for å få det. Sjå kor mykje du kan få på lanekassen.no/utstyrsstipend_nn.

Lærlingar, lærekandidatar og praksisbrevkandidatar får ikkje utstyrsstipend, men kan ha rett til lån og andre stipend. Les meir om kva du kan få på lanekassen.no/larling_nn.

Når du søker, sjekkar Lånekassen automatisk om du har rett til andre stipend også. Du søker om stipend på lanekassen.no eller via vigo.no. Bruk søknaden for vidaregåande opplæring. Hugs å søkje når du har fått inntak!

Les meir om stipend og lån på lanekassen.no, og sjekk Lånekassen si side på Facebook for deg i vidaregåande skule, facebook.com/lanekassen.vgs

3.2 Må eg betale reiseutgifter mellom heim og skule sjølv?

Etter opplæringslova § 7-2 har du som elev i vidaregåande skule rett på gratis skuleskyss dersom avstanden mellom heim og skule (kortaste gangbare veg) er meir enn 6 km. Funksjonshemma elevar som har behov for skyss får dette uavhengig av avstanden. Behovet må dokumenterast med legeerklæring.

Om du må ha båttransport har du rett på gratis transport uavhengig av avstanden. Om du går på privatskule med statstilskot har du same rettane til skuleskyss som andre elevar.

Elevar i vidaregåande opplæring i særskilt tilrettelagt tilbod for vaksne etter opplæringslova kapittel 4 A, har ikkje rett til gratis skuleskyss.

3.3 Elev-PC i offentleg vidaregåande skule

Sogn og Fjordane fylkeskommune har avtale med Atea om levering av elev-pc til elevar som startar i vg1 i den offentlege vidaregåande skulen i Sogn og Fjordane. Det er oppretta ein eigen nettbutikk for ordninga. Alle kjøp vert gjort gjennom denne nettbutikken, og alle kjøpte varer vert leverte heim til eleven pr. post.

Ordninga er frivillig. Dette betyr at du kan velje om du vil nytte deg av ordninga, eller om du vil skaffe berbar maskin på eiga hand. Alle elevar skal uansett ha med berbar datamaskin til første skuledag.

Du kan berre kjøpe **ei** maskin gjennom den fylkeskommunale ordninga. Elevar som tidlegare har gått på skule i Sogn og Fjordane fylkeskommune, og som har kjøpt elev-pc, vil ikkje kunne nytte seg av denne ordninga.

Gjennom ordninga har alle vg1-elevar høve til å skaffe seg ein bra og lett pc som ikkje skal koste

meir enn l egste sats for utstyrsstipendet som eleven f ar fr a l anekassen over tre  r. Grunnmodellen i ordninga vert difor i prinsippet kostnadsfri for eleven. Det har ogs a vore h ve til   kj pe andre og dyrare maskiner enn grunnmodellen, mot   betale ein h gare eigendel. Utstyrsstipend lyt du s kje om sj lv.

Nettbutikken tilbyr sikker betaling via bankkort eller kredittkort. Kj per du grunnmodellen har du h ve til   kj pe p  avbetaling. D  betaler du f rste avdrag p  nettet ved kj p, medan du f r faktura for avdrag 2 og 3 i l pet av vg2 og vg3.

Alle modellane i PC-ordninga har tre  rs garanti.

Modellutval og detaljar om ordninga vert tilgjengeleg p  www.sfj.no/elevpc i mai.

Oppl ringslova sl r fast at alle elevar, l rlingar og l rekandidatar har rett p  oppl ring som er tilpassa evnene og f resetnaden hj  den enkelte,   1-3.

Del 4 Tilpassa opplæring

4.1 Pedagogisk-psykologisk teneste (PP-tenesta)

Alle som har tilknytning til vidaregåande opplæring - elevar, lærlingar, lærekandidatar, foreldre, lærarar, faglege leiarar - kan ta kontakt med PP-tenesta og søkje hjelp der. PP-tenesta gjev råd og rettleiing om problem av både personleg, sosial og fagleg karakter.

Rådgjevarane i PP-tenesta har teieplikt. Det som blir sagt, blir ikkje sagt vidare utan at det er gitt løyve til det. Når du er einig, samarbeider PP-tenesta med familien din, skulen eller andre instansar, til dømes helse- og sosialetaten, NAV-kontoret og oppfølgingstenesta.

PP-tenesta står vanlegvis for den sakkunnige vurderinga dersom du har rett til spesialundervisning, har behov for spesiell tilrettelegging av opplæringa eller tilrettelegging av prøvar og eksamenar. Rådgjevingstenesta ved dei vidaregåande skulane hjelper deg å kome i kontakt med PP-tenesta.

4.2 Spesialundervisning

Det kan som hovudregel ikkje avgjerast om du har behov for spesialundervisning før den vidaregåande skulen har vurdert utbytte ditt av den ordinære opplæringa. Dersom du tidlegare har hatt spesialundervisning etter § 5-1 i opplæringslova skal du som hovudregel søkje ordinært på lik linje med andre søkjarar. Du må i tillegg bruke [vedleggsskjema til søknad om vidaregåande opplæring](#). Du brukar då rubrikken Søkarar som kan ha behov for særskilt tilrettelegging av opplæringa. Skulen vil etter skulestart vurdere om du har tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa. Dersom du ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av opplæringa vil skulen med samtykke frå deg melde saka til PPT for utarbeiding av sakkunnig vurdering.

Du konkurrerer om skuleplass på lik linje med alle andre søkjarar i det ordinære inntaket, og søknadsfristen er 1. mars. Retten til spesialundervisning blir vurdert og avgjort etter skulestart.

4.3 Fortrinnsrett til vidaregåande opplæring

Dersom du ikkje kan konkurrere om inntak på karakterpoeng kan du ha ein fortrinnsrett til inntak etter visse vilkår i §§ 6-15, 6-17, 6-18 og 6-19 i forskrift til opplæringslova. Om du får innvilga søknaden om fortrinnsrett vil den vidaregåande skulen med ditt samtykke melde saka til PPT for utarbeiding av sakkunnig vurdering før skulestart. Søknadsfrist for fortrinnsrett til vidaregåande opplæring er 1. februar. Du må i tillegg bruke [vedleggsskjema til søknad om vidaregåande opplæring](#). Meir informasjon om dette får du av rådgjevaren din.

4.4 Individuell behandling av søknaden

Du har krav på individuell handsaming av søknaden dersom du søker vidaregåande opplæring etter ein av desse paragrafane i forskrift til opplæringslova:

- § 6-22 Søkjarar som har rett til spesialundervisning, og som manglar vurdering med karakter i meir enn halvparten av faga.
- § 6-23 Søkjarar som har rett til særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2-8, og som manglar vurdering med karakter i meir enn halvparten av faga.
- § 6-8b Minoritetsspråklege søkjarar som har enkeltvedtak om særskilt språkopplæring etter oppl.l. § 2-8 eller § 3-12.
- § 6-8c Nyleg ankomne til Norge
- § 6-25 (vg1) Søknad om individuell handsaming for søkjarar som av særlege grunnar må handsamast særskilt. (Tungtvegande medisinske eller sosiale/emosjonelle grunnar til å få opplæringstilbodet sitt i eitt bestemt distrikt)
- § 6-26 Søknad om individuell handsaming for søkjarar utan vurdering med karakter i halvparten av faga.

Merk at søknad om inntak etter individuell vurdering ikkje er ein rett til inntak på første skuleønske eller høgast prioriterte utdanningsprogram.


Om du får innvilga inntak etter § 6-22 har du eit openbart behov for spesialundervisning. Skulen vil då med ditt samtykke melde saka til PPT for utarbeiding av sakkunnig vurdering før skulestart.

Søknader om individuell handsaming skal som hovudregel sendast gjennom skulen eller oppfølgingstenesta. Søknaden må vere registrert på vigo.no på vanleg måte innan 1. februar. Meir informasjon om dette får du hjå rådgjevaren din.

Søker du om inntak etter individuell handsaming må [vedleggsskjema til søknad om vidaregåande opplæring](#) følgje søknaden.

Søknadsfristen for fortrinnsrett og individuell handsaming er 1. februar. Søknaden skal registrerast på vigo.no, og i tillegg skal du sende utskrift av vigosøknad eller papirsøknad med alle vedlegg til

Sogn og Fjordane fylkeskommune, opplæringsavdelinga, Askedalen 2, 6863 Leikanger.



Del 5

Søkjarar frå andre land

5.1 Må eg ha opphaldsløyve for å søkje vidaregåande opplæring?

Du må ha i utgangspunktet ha opphaldsløyve for å kunne søkje vidaregåande opplæring.

Dersom du oppheld deg i Noreg mens du ventar på vedtak om opphaldsløyve kan du søkje om plass, men du har du ikkje rett til inntak.

Dersom du er mindreårig asylsøkjar mellom 16 og 18 år kan du få plass i vidaregåande opplæring, men du har ikkje rett til å fullføre skuleåret om du ikkje får opphaldsløyve.

For søkjarar frå EU/EØS-land er vilkåra for å søkje vidaregåande opplæring oppfylte dersom du kan dokumentere fullført grunnskule i heimlandet ditt. Vitnemål frå heimlandet må vere omsett til norsk eller engelsk. Karakterskala må følgje med.

5.2 Kven kan søkje vidaregåande opplæring?

Det er same kravet til minoritetsspråklege søkjarar som til norskspråklege søkjarar. Det betyr at du må kunne dokumentere at du har:

- gjennomgått norsk grunnskule eller
- gjennomgått grunnskuleopplæring i heimlandet i minst ni år eller
- kunnskap og kompetanse på nivå med norsk grunnskule

Vitnemål frå heimlandet må vere omsett til norsk eller engelsk. Karakterskala må følgje med. Søkjarar som kjem til Noreg etter søknadsfristen 1. mars må straks ta kontakt med opplæringsavdelinga for informasjon og evt. utfylling av søknadsskjema.

5.3 Når har eg rett til ekstra språkopplæring?

Dersom du er elev i vidaregåande opplæring og har anna morsmål enn norsk eller samisk har du rett til særskild språkopplæring fram til du har tilstrekkelege kunnskapar i norsk til å følgje den vanleg opplæringa i skulen. Om nødvendig har du også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Det er skulen som gjennom kartlegging avgjer om du fyller kriteria for ekstra språkopplæring.

5.4 Kva gjer eg dersom eg ikkje har fullført grunnskulen?

Ta kontakt med kommunen din. Det er kommunen som har ansvaret for å gje deg grunnskuleopplæring, sjølv om du er i aldersgruppa som i utgangspunktet skal gå i vidaregåande skule (16-24 år).

5.5 Kva tilbod kan eg søkje?

Dersom du fyller krava ovanfor kan du søkje alle tilbod. Det er ikkje krav til norskkunnskapar for å få plass i vidaregåande opplæring.

Er du nyleg komen til Noreg og/eller har dårlege norskkunnskapar kan du søkje plass i innførings-

gruppe for minoritetsspråklege.

5.6 Korleis søker eg?

Minoritetsspråklege søkerar som søker om særskild språkopplæring skal søkje på www.vigo.no eller papirsøknad. I tillegg skal du nytte [vedleggsskjema til søknad om vidaregåande opplæring](#).

Om du ikkje har norsk fødsels- og personnummer (11 siffer) må du fylle ut [søknadsskjema](#) på papir og sende dette saman med vedleggsskjemaet som er nemnt ovanfor.

Søknadsfristen for minoritetsspråklege søkerar er 1. februar.

5.7 Kva må eg leggje ved søknaden?

Hugs at du alltid skal sende kopi av opphaldsløyvet dersom du ikkje er norsk statsborgar. I tillegg må du sende dokumentasjon på skulebakgrunn tilsvarande norsk grunnskule, eller at du har kunnskap og kompetanse på nivå med norsk grunnskule.

Søklarar frå EU/EØS-land må leggje ved kopi av personopplysningar frå passet og kopi av vitnemål frå heimlandet.

5.8 Når får eg svar på søknaden?

Du ser resultatet av inntaket i 1. inntak eller 2. inntak, sjå inntakskalender side 7 og 8.

5.9 Ynskjer du meir informasjon?

Gå inn på vilbli.no. Her finn du informasjon på mange språk. Sjå også informasjon på www.sfj.no. Du kan og ta direkte kontakt med opplæringsavdelinga, sjå adresser og telefonnummer framme i søkerhandboka.

Del 6

Søknad om opplæring i bedrift

Du som søker opplæring i bedrift kan anten søkje om å bli lærling eller lærekandidat.

- Dersom du tek sikte på fag- eller sveineprøve i eit lærefag, kan du teikne lærekontrakt med ei lærebedrift. Då er du lærling.
- Dersom du tek sikte på ein mindre omfattande prøve enn fag-/sveineprøve, ein kompetanseprøve, kan du teikne opplæringskontrakt med ei lærebedrift. Då er du lærekandidat.

Viser det seg i løpet av læretida at du likevel kan oppnå yrkeskompetanse, kan opplæringskontrakten etter samtykke frå fylkeskommunen endrast til ordinær lærekontrakt med fag-/sveinebrev som mål.

I resten av del 6 brukar vi lære plass både for lærlingar og lærekandidatar.

6.1 Korleis søker eg?

Du søker på vigo.no på same måte som om du søker skuleplass. Du kan søkje lære plass og skuleplass i same skjema, men i prioritert rekkjefølgje. Dersom du helst ønskjer lære plass fører du det opp som første ønske på søknaden. Sjansen for å bli kalla inn til intervju i ei bedrift aukar truleg dersom du har lære plass som førsteprioritet.

6.2 Bør eg søkje lære plass på eiga hand sjølv om eg har sendt søknad gjennom vigo.no?

Ja, det kan du, og det bør du. Vi rår sterkt til at du søker lære plass på eiga hand. Oppsøk lærebedriftene og send søknader til alle aktuelle lærebedrifter. Det viser seg kvart år at dei som er aktive sjølve, er dei første som får lære plass - ofte før ein er ferdig med vg2 i skule.

6.3 Eg har førehandsavtale om lære plass. Skal eg likevel søke?

Ja, du må uansett registrere deg som søker på www.vigo.no innan søknadsfristen. Legg inn informasjon om at du har førehandsavtale om lære plass

6.4 Kven kan søkje lære plass gjennom Sogn og Fjordane fylkeskommune?

Dei fleste som søker lære plass har gått vg1 og vg2 i eit yrkesfagleg utdanningsprogram. Sjå www.sfj.no for nærare informasjon. Du kan og søkje ei lærebedrift om lære plass sjølv om du ikkje har ungdomsrett.

6.5 Eg har søkt lære plass, men har enno ikkje høyrte noko?

Karakterane dine og oversikten over fråvær blir sendt til ulike lærebedrifter. På www.vigo.no ser du kva for bedrifter som har fått søknaden din. Ta sjølv kontakt med desse og andre bedrifter der du kan tenkje deg å være lærling

6.6 Korleis aukar eg mogelegheitene mine for å få lære plass?

Ta kontakt med aktuelle bedrifter. Tren på jobbintervju. Bedriftene bestemmer sjølve kven dei vil ta inn som lærling. Nytt praksisperiodane på skolen til å bli kjent med bedrifter som seinare kan verte aktuelle lærebedrifter

6.7 Korleis får eg tilbod om læreplass?

Etter at søknadsfristen har gått ut vil fylkeskommunen sende godkjende søknader til dei opplæringskontora/lærebedriftene som er godkjende for å ta imot lærlingar. Deretter kan du bli kontakta av opplæringskontora/lærebedriftene for intervju. Det er bedriftene som avgjer kven dei ønskjer å tilsetje som lærling.

6.8 Kva legg bedriftene vekt på ved tilsetjing?

Det å søkje læreplass er på mange måtar det same som å søkje ein ordinær jobb. Skriv ein kortfatta søknad og legg ved CV og eventuelt attestar. Lærebedriftene vil leggje særleg vekt på at du har lite frávær på vidaregåande skule. Bedrifta vil også sjå på karakterane dine, sjølv om fráværet ofte vil vere det viktigaste. Når du kjem til intervju er det viktig å møte presis, leggje vekt på dei personlege eigenskapane dine, og ikkje minst vise interesse for det faget du har valt.

Sjå meir om tilsetjingsintervju på vilbli.no

6.9 Eg har stryk i nokre fag. Kan eg likevel bli lærling?

Du kan bli lærling sjølv om du har stryk, dersom bedrifta er interessert i å tilsetje deg. Men du får ikkje fag-/sveinebrev før alle fag er bestått.

6.10 Har eg rett til å få læreplass?

Nei, du har ikkje rett til å få læreplass i eit bestemt fag eller i ei bestemt bedrift. Søkjarar med ungdomsrett har rett til læreplass eller sluttopplæring i skule slik at du kan gå opp til fagprøve, (vg3 fagopplæring i skule). Dersom du innan 1. september ikkje har fått tilbod om læreplass, skal fylkeskommunen tilby deg vg3 fagopplæring i skule.

6.11 Kva skjer om eg takkar NEI til tilbod om læreplass?

Det er sjølvsagt opp til deg om du vil takke JA eller NEI til tilbod om læreplass. Dersom du takkar NEI vil ikkje fylkeskommunen sende søknaden din til fleire bedrifter. Det vil bli registrert at du har fått tilbod i samsvar med retten din etter opplæringslova. Du kan sjølvsagt halde fram med å søkje læreplass på eiga hand.

6.12 Kor finn eg meir informasjon om opplæring i bedrift og oversikt over lærebedrifter?

På vilbli.no finn du mykje informasjon om opplæring i bedrift. I mange bransjar har bedrifter gått saman i eit opplæringskontor som samordnar inntak og opplæring av lærlingar og lære kandidatlar. Oversyn over opplæringskontora og andre lærebedrifter finn du under Lærebedrifter, opplæringskontor og medlemsbedrifter.

Sjå også «Formidlingskalendaren» side 8. Her finn du oversyn over kva som skjer og det skjer i høve søknaden din.

6.13 Har eg rett til påbygging til generell studiekompetanse etter bestått fag- og yrkesopplæring?

Sjå punkt 1.7 side 16.

6.14 Her er oversikt over alle lærefaga

BA	BYGG- OG ANLEGGSTEKNIKK
BAAMF3----	Anleggsmaskinførarfaget
BAASF3----	Asfaltfaget
BABAN3----	Banemontørfaget
BABET3----	Betongfaget
BAFEI3----	Feiarfaget
BAFJE3----	Fjell- og bergverksfaget
BAGLA3----	Glasfaget
BAIMF3----	Industrimålarfaget
BAISO3----	Isolatørfaget
BALIM3----	Limtreproduksjonfaget
BAMUR3----	Murarfaget
BAMAL3----	Målarfaget
BARHO3----	Reinhaldsoperatørfaget
BARLF3----	Røyrleggjarfaget
BASTE3----	Steinfaget
BASTI3----	Stillasbyggjarfaget
BATAK3----	Tak- og membrantekkjarfaget
BATLF3----	Trelastfaget
BATBY3----	Trevare- og bygginnreiingsfaget
BATMF3----	Tømrarfaget
BAVOA3----	Veg- og anleggsgfaget
BAVBL3----	Ventilasjon og blekkslagarfaget

DH	DESIGN OG HANDVERKSFAG
DHAKT3----	Aktivitørfaget
DHBLD3----	Blomsterdekoratørfaget
DHBLY3----	Blyglashandverkarfaget
DHBUN3----	Bunadtilverkarfaget
DHBNT3----	Buntmakarfaget
DHBKF3----	Bøkkarfaget
DHBMF3----	Børsemakarfaget
DHDUO3----	Duodjifaget
DHFIL3----	Filigransølvsmidfaget
DHFGY3----	Forgyllarfaget
DHFRI3----	Frisørfaget
DHGIP3----	Gipsmakarfaget

DHGLH3----	Glashandverkarfaget
DHGRA3----	Gravørfaget
DHGUL3----	Gullsmedfaget
DHHBB3----	Handbokbindarfaget
DHHVF3----	Handvevarfaget
DHHSK3----	Herreskreddarfaget
DHKER3----	Keramikarfaget
DHKJD3----	Kjole- og draktsyarfaget
DHKBB3----	Komposittbåtbyggjarfaget
DHKST3----	Kostymesyarfaget
DHKRV3----	Korgmakarfaget
DHMPM3----	Maskør- og parykkmakarfaget
DHMOD3----	Modistfaget
DHMSF3----	Møbelsnikkarfaget
DHMTF3----	Møbeltapetserarfaget
DHNAU3----	Nautisk instrumentmakarfaget
DHOPT3----	Optronikarfaget
DHORG3----	Orgelbyggjarfaget
DHPFD3----	Profileringsdesignfaget
DHSAL3----	Salmakarfaget
DHSEI3----	Seglmakarfaget
DHSCO3----	Skomakarfaget
DHSME3----	Smedfaget
DHSPD3----	Skin- og pelsduodji-faget
DHSTU3----	Storurmakarfaget
DHSTR3----	Strikkefaget
DHSLV3----	Sølvsmidfaget
DHTKS3----	Taksidermistfaget
DHTED3----	Tekstilduodjifaget
DHTRB3----	Trebåtbyggjarfaget
DHTDR3----	Tredreiarfaget
DHTRD3----	Treduodjifaget
DHTSK3----	Treskjerarfaget
DHURM3----	Urmakarfaget
DHVHD3----	Veve- og handstrikke-duodjifaget

EL	ELEKTROFAG
ELAUT3V---	Automatiseringsfaget
ELAVI4----	Avionikarfaget
ELDAT3V---	Dataelektronikarfaget
ELELE3----	Elektrikarfaget

ELERF3----	Elektroreparatørfaget
ELEMO3----	Energimontørfaget
ELEOP3----	Energioperatørfaget
ELFU03----	Fjernstyrte undervassoperasjonar
ELFM04----	Flymotormekanikarfaget
ELFST4----	Flystrukturmekanikarfaget
ELFSY4----	Flysystemmekanikarfaget
ELHEI3----	Heismontørfaget
ELKUL3----	Kulde- og varme-pumpemontørfaget
ELPRO3----	Produksjonselektronikarfaget
ELSIG3----	Signalmontørfaget
ELTAV3----	Tavlemontørfaget
ELTEL3----	Telekommunikasjonsmontørfaget
ELTOG3----	Togelektrikarfaget
ELVTR3----	Viklar- og transformormontør
HS	HELSE- OG OPPVEKSTFAG

HSAMB3----	Ambulansefaget
HSBUA3----	Barne- og ungdomsarbeidarfaget
HSHEA3----	Helsearbeidarfaget
HSORT3----	Ortopediteknikkfaget
HSPOR3---	Portørfaget

MK	MEDIUM OG KOMMUNIKASJON
MKFTG3----	Fotograffaget
MKMGR3----	Mediegrafikarfaget

NA	NATURBRUK
NAAKV3----	Akvakulturfaget
NAANG3----	Anleggsgartnarfaget
NAFFA3----	Fiske og fangst
NAHST3----	Hestefaget
NAHOV3----	Hovslagarfaget
NAIAN3----	Idrettsanleggsfaget
NAREI3----	Reindriftsfaget
NASKF3----	Skogfaget

RM	RESTAURANT- OG MATFAG
RMBAK3----	Bakarfaget
RMBUT3----	Butikkslaktarfaget
RMIMP3----	Industriell matproduksjon
RMIO3----	Institusjonskokkfaget
RMKSK3----	Kjøttskjerarfaget
RMKOK3----	Kokkfaget
RMKON3----	Konditorfaget
RMPMF3----	Pøsemakarfaget
RMSER3----	Servitørfaget
RMSMH3----	Sjømathandlarfaget
RMSMP3----	Sjømatproduksjon
RMSLF3----	Slaktarfaget

SS	SERVICE OG SAMFERDSEL
SSISF3----	Ikt-servicefaget
SSKAD3----	Kontor- og administrasjonsfaget
SSLOG3----	Logistikkfaget
SSRLV3----	Reiselivsfaget
SSRES3----	Resepsjonsfaget
SSSLG3----	Salsfaget
SSSIK3----	Tryggleiksfaget
SSYRK3----	Yrkessjåførfaget

TP	TEKNIKK OG INDUSTRIELL PRODUKSJON
TPALU3----	Aluminiumskonstruksjonsfaget
TPAMM3V---	Anleggsmaskinmekanikarfaget
TPBLA3----	Billakkerarfaget
TPBMK3----	Bilfaget, lette kjøretøy
TPBTK3----	Bilfaget, tunge kjøretøy
TPBSK3----	Bilskadefaget
TPBOK3----	Bokbindarfaget
TPBOR3----	Boreoperatørfaget
TPBRE3----	Brønnfaget, elektriske kabeloperasjonar
TPBRH3----	Brønnfaget, havbotnsinstallasjonar
TPBK03----	Brønnfaget, komplettering
TPBKV3----	Brønnfaget, kveilerøroperasjonar
TPBRM3----	Brønnfaget, mekaniske kabeloperasjonar

TPBRS3---- Brønnfaget, sementering
 TPKAR3---- Chassispåbyggjar
 TPCNC3---- Cnc-maskineringsfaget
 TPDK03---- Dimensjonskontrollfaget
 TPFMK3---- Finmekanikarfaget
 TPGRV3---- Garverifaget
 TPGJE3---- Gjenvinningsfaget
 TPGRD3---- Gradørfaget
 TPGEM3---- Grafisk emballasjefaget
 TPHJU3---- Hjulustrustningsfaget
 TPIOV3---- Industriell overflatebehandling
 TPISK3---- Industriell skotøyproduksjon
 TPIME3---- Industrimekanikarfaget
 TPIM03---- Industrimontørfaget
 TPIRL3---- Industrirørleggjarfaget
 TPISN3---- Industrisnikkarfaget
 TPISM3---- Industrisaumfaget
 TPITA3---- Industritapetserarfaget
 TPIFT3---- Industritekstilfaget, farging, trykking og etterbehandling
 TPFIR3---- Industritekstilfaget, fiskereiskap
 TPIGS3---- Industritekstilfaget, garnframstilling
 TPITR3---- Industritekstilfaget, trikotasje
 TPIVE3---- Industritekstilfaget, veving
 TPKJP3---- Kjemiprosessfaget
 TPKL03---- Kran- og løfteoperasjonsfaget
 TPLAB3---- Laboratoriefaget
 TPLMM3---- Landbruksmaskinmekanikarfaget
 TPLSF3---- Låsesmedfaget
 TPMIR3---- Maritim innreiing
 TPMTS3---- Matrosfaget
 TPMOB3---- Modellbyggjarfaget
 TPMOM3---- Motormannfaget
 TPMME3---- Motormekanikarfaget
 TPMSY3---- Motorsykkelfaget
 TPNDT3---- Ndt-kontrollørfaget
 TPPLM3---- Plastmekanikarfaget
 TPPLA3---- Platearbeidarfaget
 TPPOM3---- Polymerkomposittfaget

TPPRT3---- Produksjonsteknikkfaget
 TPRS03---- Reservedelsfaget
 TPRSD3---- Reservedelsfaget
 TPSGR3---- Serigrafifaget
 TPSTF3---- Støyperifaget
 TPSVE3---- Sveisefaget
 TPTRF3---- Tekstilrensfaget
 TPTEP3---- Termoplastfaget
 TPTRY3---- Trykkfaget
 TPVAS3---- Vaskerifaget
 TPVER3---- Verktøymakarfaget

Del 7

Oppfølgingstenesta (OT)

Oppfølgingstenesta er ei teneste for deg som har ungdomsrett, men ikkje er i opplæring eller i arbeid. Du blir kontakta av OT dersom du har ungdomsrett, men ikkje søker vidaregåande opplæring eller dersom du sluttar i vidaregåande opplæring. OT kan hjelpe deg å søkje vidaregåande opplæring, anten fulltid eller deltid. Du kan og få hjelp til utprøving i arbeidslivet/ praksisplass i samarbeid med NAV.

Oppfølgingstenesta er lokalisert til 10 vidaregåande skular, og det er heimkommunen din som avgjer kva for teneste du høyrer til. Du har rett til rettleiing frå OT til og med det året du fyller 21 år. [Lenke til oversikt over OT-einingane finn du her.](#)

Kontaktinformasjon

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Opplæringsavdelinga, Inntak og dokumentasjon
Askedalen 2
6863 Leikanger

E-post: post@sfj.no
Tlf. 57 63 81 00 mellom kl. 12.00-14.00
www.sfj.no



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 63 80 00
E-post: post@sfj.no
www.sfj.no

Foto framside:
morguefile.com
Mo og Øyrane vgs/Tove Nedrebø
Mo og Øyrane vgs/Magne Sellevold